

JORDSKIFTERETTSMØTE

- Rettsmøtedag:** 28.02.2007
Stad: Slidretun (kommunestyresalen) i Vestre Slidre
Sak nr.: 0510-2007-0001 Vegem Høyeme-Syndin-Strø
- Saka gjeld:** Krav om sak etter jordskiftelova § 2
- Rettsleiar:** Jordskiftedommar Olav Ranum
- Meddommarar:** Tidemann M. Kolsrud, 2930 Bagn
Ola Lyseng, 2917 Skrautvål
- Protokollfører:** Olav Ranum og konsulent Annlaug Kjørstad
- Saka er kravd av:** Trygve Tørstad (for gnr. 6/1) og Knut Idstad
- Til behandling:**
1. Klarleggje problemet som kravet omfattar
 2. Fremming av saka
 3. Drøfte mellombels ordning
- Partar:**
- Eigar av gnr. 1/1, Thomas Aastad
 - Eigar av gnr. 1/4, Andres Horge
 - Eigar av gnr. 1/5, Martha Kari Karlsen
 - Eigar av gnr. 1/6, Einar Leithe
 - Eigar av gnr. 1/19, Marit og Harald Stokkebryn
 - Eigar av gnr. 2/1, Torger Hålien
 - Eigar av gnr. 2/2, 7/4, Sigrid og Knut Einar Rognes
 - Eigar av gnr. 3/1, 4/1, Vidar Gullhaug
 - Eigar av gnr. 4/4, Thomas Arne Grythe
 - Eigar av gnr. 4/14, 27/4, 27/8, Arne Ivar Haugen
 - Eigar av gnr. 5/1, Ola Bakke
 - Eigar av gnr. 6/1, Marit Høyeme Tørstad
 - Eigar av gnr. 6/2, Ola Rudi
 - Eigar av gnr. 6/4, Inger Strand og Terje Bergli
 - Eigar av gnr. 7/1, Torbjørn Høyeme
 - Eigar av gnr. 7/2, Anne Lise Rolandsgården
 - Eigar av gnr. 7/5, Normann Helle
 - Eigar av gnr. 7/6, Nina Neståker
 - Eigar av gnr. 7/10, Kjell Bergli
 - Eigar av gnr. 7/16, Kjell Jørgen Reishaugen
 - Eigar av gnr. 7/18, Lilly Kari Stee Bergli
 - Eigar av gnr. 7/29, Ragnhild Karin Yrstad Midtmoen
 - Eigar av gnr. 7/29, Nina Elisabeth Yrstad Vøllø
 - Eigar av gnr. 7/29, Kari Brit Yrstad
 - Eigar av gnr. 8/1, 9/3, Gullik Riste
 - Eigar av gnr. 8/2, 37/6, Gerd R Westerheim
 - Eigar av gnr. 8/3, Nils Haugen
 - Eigar av gnr. 14/1, Anne T og Andris Øygaard
 - Eigar av gnr. 24/1, Knut Kjøs Egge

Eigar av gnr. 24/2, Eivind Egge
Eigar av gnr. 25/1, Svein Egge
Eigar av gnr. 25/3, Birger Haugen
Eigar av gnr. 26/1, Ole Høyne
Eigar av gnr. 27/1, Marit Røvang
Eigar av gnr. 28/1, Ingebjørg Stee
Eigar av gnr. 28/2, Ole Jørgen Magistad
Eigar av gnr. 29/1, Knut Hove
Eigar av gnr. 29/2, 31/3, Stein Rønjus Hålien
Eigar av gnr. 30/1, Astrid Hovi
Eigar av gnr. 31/1, Harald Lome
Eigar av gnr. 31/2, Jon Kvale
Eigar av gnr. 32/1, Gjermund Haugen
Eigar av gnr. 32/2, Marit Lome
Eigar av gnr. 32/3, Bente Marie Myhre
Eigar av gnr. 33/1, Jorunn Kristine Ring Oelschlägel
Eigar av gnr. 33/2, Nils Einar Ormestad
Eigar av gnr. 33/3, John Hasle
Eigar av gnr. 34/1, 34/2, Knut Lome
Eigar av gnr. 35/1, Kari Hauge
Eigar av gnr. 35/2, Knut Haug
Eigar av gnr. 36/1, Ivar Ringestad
Eigar av gnr. 36/2, 37/7, Siri Viflat og Nils Erik Hilmen
Eigar av gnr. 37/1, Torleif Ringsaker
Eigar av gnr. 37/3, 40/17, Grethe Løken
Eigar av gnr. 37/3, Marit Anny Løken Tvenge
Eigar av gnr. 39/5, Knut Idstad
Eigar av gnr. 39/6, Ole Einar Robøle
Eigar av gnr. 39/8, 39/10, 39/12, Torbjørn Kvåle
Eigar av gnr. 39/28, Monica Tvenge og Terje Kjøs
Eigar av gnr. 40/1, Aslag Hamre
Eigar av gnr. 40/8, Erik Gunnar Kvale
Eigar av gnr. 40/17, Marit Anny L og Olav Tvenge
Eigar av gnr. 40/20, Håkon Heia
Eigar av gnr. 40/27, Ola Harald Thune
Eigar av gnr. 40/28, Randi Marie H og Ole Henry Slåttsveen
Eigar av gnr. 41/1, Margit og Olav Gardshaug

Eigedomane ligg i Vestre Slidre kommune.

Eigar av gnr. 91/1, Knut Kjøs
Eigar av gnr. 91/4, Nils Opheim
Eigar av gnr. 91/11, Kirsten Flatland
Eigar av gnr. 91/13, Kjell Berge
Eigar av gnr. 96/1, Arne Magne Kvien
Eigar av gnr. 96/3, Ingebjørg Kvien
Eigar av gnr. 96/4, Borgny Kvien og Lars Lien
Eigar av gnr. 96/5, Torstein Kvien
Eigar av gnr. 96/7, Tor Emil Indsetviken
Eigar av gnr. 96/8, Ove Wilhelm Wangensteen-Haugen

Eigar av gnr. 96/11, Ola Wangensteen Kvien
Eigar av gnr. 96/20, Nils Oddvar Haugen
Eigar av gnr. 96/38, Roger Egge
Eigar av gnr. 113/1, Else Kirsti Tandstad
Eigar av gnr. 113/1, Ingvarda Elsa Tandstad
Eigar av gnr. 113/1, Kjell Guttorm Tandstad
Eigar av gnr. 113/1, Ida Magnhild Urke
Eigar av gnr. 113/1, Ola Ingvald Tandstad

Eigedomane ligg i Vang kommune.

Til stades:

Thomas Aastad, Andres Horge, Vidar Gullhaug, Arne Ivar Haugen, Ola Bakke, Trygve Arne Tørstad (for Marit Høyeme Tørstad), Nina Neståker, Arne Myhre (for Lilly Kari Stee Bergli), Kristoffer Heen (for Ragnhild Karin Yrstad Midtmoen, Nina Elisabeth Yrstad Vølle og Kari Brit Yrstad), Gullik Riste som og møtte for Torbjørn Høyeme, Normann Helle, Gerd R Westerheim og Håkon Heia, Svein Egge som og møtte for Eivind Egge, Birger Haugen som og møtte for Knut Lome, Ole Jørgen Magistad som og møtte for Kjell Berge, Knut Hove, Stein Rønjus Hålien, Marit Lome, Ivar Ringestad, Nils Erik Hilmen, Olav Tvenge som og møtte for Marit Anne L Tvenge og Grethe Løken, Knut Ildstad som og møtte for Anne T og Andris Øygaard, Harald Lome, Jorunn Ring Oelschlägel og Nils Ormestad, Ole Einar Robøle, Torbjørn Kvåle som og møtte for Borgny Kvien, Lars Lien, Knut Kjøs, Kjell Bergli, Nils Opheim, Inger Strand, Terje Bergli, Gjermund Haugen, Monika Tvenge og Terje Kjøs, Aslag Hamre, Randi Marie H Slåttsveen, Geir Åge Kvien (for Ingebjørg Kvien og Nils Oddvar Haugen)

Dei andre partane var innkalla, men møtte ikkje eller var representerte.

Jordskiftedommaren orienterte kort om dstl. §§ 106-108. Ingen hadde merknad til retten sin habilitet. Han orienterte vidare kort om jordskifteretten, jordskifte, vilkår for å fremme jordskifte og kostnadene med ei jordskiftesak. Det vart og orientert om kostnadsfordelingsprinsippet.

Det var semje om at veglaget kunne forskottere utgiftene med saka.

Følgjande dokument vart framlagde:

- | | |
|-----------------------------------------------------|-----------------|
| 1. Krav om sak for jordskifteretten | dat. 11.01.2007 |
| Vedlagt: | |
| 1. Oversikt andelseigarar stølsvegen Høyeme-Strø | |
| 2. Referat frå årsmøte | dat. 08.08.2007 |
| 3. Referat frå styremøte | dat. 08.01.2007 |
| 4. "Guldhaug-Kvalegilen" (informasjonshefte) | |
| 5. Kopi av brev til vegstyret frå Elisabeth Aaslund | dat. 22.01.2007 |
| 6. Kopi av brev til vegstyret frå Hans-Erik Boug | dat. 26.01.2007 |

2. Forkynning av motteke krav om sak – innkalling til rettsmøte	dat. 31.01.2007
3. Oppnemning og innkalling av jordskifte- og varameddommarar	dat. 31.01.2007
4. Fullmakt frå Kjell Berge til Ole Jørgen Magistad	dat. 14.02.2007
5. Oversending av fullmaktsformular til partane	dat. 16.02.2007
6. Fullmakt frå Kirsten Flatland til Kåre Flatland	dat. 18.02.2007
7. Fullmakt frå Knut Kjøs til Torbjørn Kvåle	dat. 19.02.2007
8. Fullmakt frå Kjell Bergli til Torbjørn Kvåle	dat. 19.02.2007
9. Fullmakt frå Nils Opheim til Torbjørn Kvåle	udat.
10. Fullmakt frå Eivind Egge til Svein Egge	dat. 19.02.2007
11. Fullmakt frå Nils Oddvar Haugen til Geir Åge Kvien	dat. 20.02.2007
12. Fullmakt frå Anne T og Andris Øygard til Knut Idstad	dat. 20.02.2007
13. Fullmakt frå Ingebjørg Kvien til Geir Åge Kvien	dat. 20.02.2007
14. Fullmakt frå Harald Lome til Knut Idstad	dat. 20.02.2007
15. Fullmakt frå Borgny Kvien og Lars Lien til vegstyret v/formann	dat. 20.02.2007
16. Fullmakt frå Inger Strand og Terje Bergli til Torbjørn Kvåle	dat. 20.02.2007
17. Fullmakt frå Torbjørn Høyeme til Gullik Riste	dat. 20.02.2007
18. Fullmakt frå Jorunn Ring Oelschlägel til Knut Idstad	dat. 21.02.2007
19. Fullmakt frå Normann Helle til Gullik Riste	dat. 21.02.2007
20. Fullmakt frå Nils E Ormestad til Knut Idstad	dat. 21.02.2007
21. Fullmakt frå Gjermund Haugen til Torbjørn Kvåle	dat. 21.02.2007
22. Fullmakt frå Gerd R Westerheim til Gullik Riste	dat. 22.02.2007
23. Fullmakt frå Ola H Thune til Erik Gunnar Kvale	dat. 22.02.2007
24. Fullmakt frå Kari Brit Yrstad til Kristoffer Heen	dat. 23.02.2007
25. Fullmakt frå Håkon Heia til Gullik Riste	dat. 24.02.2007
26. Fullmakt frå Ove W Wangensteen-Haugen til Nils Wangensteen-Haugen	dat. 24.02.2007
27. Fullmakt frå Marit Høyeme Tørstad til Trygve A Tørstad	dat. 26.02.2007
28. Fullmakt frå medeigarar av gnr. 113/1 i Vang til Ola E. Tandstad	dat. 26.02.2007
29. Fullmakt frå Astrid Hovi til Gullik Riste	dat. 26.02.2007
30. Fullmakt frå Ragnhild Karin Midtmoen til Kristoffer Heen	dat. 26.02.2007
31. Fullmakt frå Grethe Løken til Olav L Tvenge	dat. 27.02.2007
32. Fullmakt frå Monika Tvenge og Terje Kjøs til Torbjørn Kvåle	dat. 27.02.2007
33. Fullmakt frå Marit Anny L Tvenge til Olav Tvenge	udat.
34. Fullmakt frå Knut Lome til Birger Haugen	dat. 28.02.2007
35. Fullmakt frå Nina Elisabeth Yrstad Vøllo til Kristoffer Heen	udat.
36. Fullmakt frå Lilly Kari Bergli til Arne Myhre	udat.

Dokumenta var kjent for aktuelle partar på førehand og vart ikkje gange gjennom.

Kart over området var tilgjengeleg på lysark.

Trygve Tørstad opplyste at han ynskte å føre Hans-Erik Boug som vitne. Vitnet forlet rettslokalet og vil bli kalla inn for forklaring etter at partane har forklara seg.

Dommaren opplyste at drøftingane blir oppdelt i tre tema:

- I. Vedtekter for vegen*
- II. Vinterbrøyting*
- III. Mellombels ordning vedk. brøyting*

Ingen hadde merknad til slik oppdeling.

I. Vedtekter for vegen

Trygve Arne Tørstad og Knut Idstad orienterte om vegen og gjorde greie for behovet for nye vedtekter.

Alle fekk høve til å uttale seg om behovet for nye vedtekter. Ingen var i mot at nye vedtekter vart fastsett.

II. Vinterbrøyting

Trygve Tørstad gjorde greie for kravet om vinterbrøyting frå Syndinstøga til Lostøl.

Dei andre partane fekk kome med sine syn.

Forholdet vart drøfta og alle partane hadde høve til å uttale seg. Retten konstaterte ulike syn.

Aslak Hamre forlet møtet kl. 12.00.

Vitnet vart kalla inn. Han vart orientert om vitneansvaret.

Hans-Erik Boug, født 9. juni 1942, Bergsvea 10, 1440 Drøbak, gav forsikring og forklara seg. Partane fekk høve til å stille vitnet spørsmål.

Vitnet forlet deretter rettslokalet.

Det vart gjeve høve til ytterlegare meiningsytringar.

Vidar Gullhaug forlet møtet kl. 13.55.

III. Mellombels ordning vedk. brøyting

Trygve Tørstad og Ole Jørgen Magistad gjorde greie for behovet for å brøyte vegen frå Syndinstøga fram til sine teigar i samband med pågåande hyttebygging. Dei andre partane fekk høve til å gjera greie for sine syn.

Partane vart deretter dimitterte.

Retten drøfta deretter fremming av saka mm. Drøftingane vart ikkje ferdige. Nytt møte i retten vart tidsett til 5. mars kl. 10.00.

Retten heva.
Vestre Slidre, 28. februar 2007

Tidemann M. Kolsrud

Olav Ranum

Ola Lyseng

FREMMINGSVEDTAK

Dato: 05.03.2007
Stad: Retten sitt kontor
Sak nr.: 0510-2007-0001 Veggen Syndin-Høyeme-Strø

Saka gjeld: Krav om sak etter jordskiftelova § 2 – utsett frå 28.02.2007

Rettsleiar: Jordskiftedommar Olav Ranum

Meddommarar: Tidemann M. Kolsrud, 2930 Bagn
Ola Lyseng, 2917 Skrautvål

Forfattar: Jordskiftedommar Olav Ranum

Saka er kravd av: Trygve Tørstad (for gnr. 6/1) og Knut Idstad

Til behandling: 1. Fremming av saka
2. Mellombels ordning

Partar: Som protokollert den 28.02.2007
Til stades: Retten

Jordskifteretten gjorde slikt

Fremmingsvedtak:

Kravet gjeld jordskifte for veggen Høyeme-Syndin-Strø. Veggen er ein kombinert veg som tener skog-, utmarks-, støls- og hytteinteresser. Veggen er eigd i fellesskap av om lag 80 grunneigarar og stølseigarar innafor dekningsområdet for veggen. Innafor området er det opplyst å vera om lag 300-350 hytter. Eigarane av desse er ikkje medeigarar i veggen eller partar i denne saka.

Veggen går frå bygda og fram til Strø i statsallmenningen. Denne vegavstanden er kartmålt til om lag 19 km. I tillegg omfattar veggen ei sidegrein til Lostøl. Denne strekninga er på om lag 3,5 km. Veggen omfattar og ei sidegrein til Kviistølo. Strekninga er på om lag 1,7 km.

Frå bygda og fram til Syndinstøga (på Åstadstølo) er veggen vinterbrøytt. Der er det dagparkering. Langtidsparkering er om lag 2 km lengre heim.

Veggen er organisert i eit veglag med vedtekter frå 1938. Vedtektene er i det vesentlege uendra sidan den tid.

Dei seinare åra er veggen over fjellet påkosta 800 000 kr. Frå Lostøl og fram til Syndinstøga er veggen utbetra for om lag 1,2 millionar. Desse pengane er delvis lånt og delvis er arbeidet betalt av Valdres Energi i samband med straumframføring. Det er årsavgifter og bominntekter som finansierer drifta av veggen. Økonomien i veggen er opplyst å vera god. Årleg omsetning er oppgjeve til 700 000 kr. Automatbom er sett opp ved Høyeme.

Veggen er opplyst å ha god standard. Det er ført straum inn i området i 2004.

På strekninga Syndinstøga til Lostøl er der i dag om lag 180 hytter. I dette området er det opplyst at det i arealdelen til kommuneplan, er avsett tre område for utbygging. Om lag 200 nye tomter er under regulering/ ferdig godkjente.

Partane har gjort gjeldande

Slik reglane for vegen er i dag, fangar dei ikkje opp alle problem som er knytt til det å drive vegen. Årsmøte har difor den 8. august 2006 vedteke at nye reglar for vegen skal utarbeidast. Styret i vegen har den 8. januar 2007 vedteke å be jordskifteretten om slik utarbeiding. Partane har særleg peika på vanskane knytt til om vegen skal vera vinterbrøytt eller ikkje frå Syndinstøga fram til Lostøl. Det har og vore uklart om bruk av bomkort for dei med andel i vegen.

Ingen part er i mot at jordskiftesak blir fremma.

Retten ser det slik

Retten vurderer det slik at det å ikkje ha tidstilpassa vedtekter for vegen er utenleg, jf. jskl. § 1. Jordskifteretten kan gje reglar om bruken med heimel i jskl. § 2c event. § 2e. Retten kan ikkje sjå at nokon kan bli skadelidande ved at retten fastset vedtekter for vegen, jf. jskl. § 3 bokstav a. Vilråra for å fremme jordskifte er såleis til stades.

Med denne grunningjeving er retten kome til slik einstemmig

Slutning:

Jordskifte blir fremma for vegen Høyme-Syndin-Strø.

Vedk. vinterbrøyting Syndinstøga – Lostøl

Retten finn at denne del av saka må opplyst betre. For retten er det vanskeleg å ta stilling til dette punktet utan å få klarlagt korleis vinterparkeringa i tilfelle skal løysast.

Til neste møte vil difor retten kalle inn Vestre Slidre kommune for at retten skal bli orientert om korleis vinterparkering er tenkt i samband med den planlagde utbygginga. Retten ynskjer og å bli orientert om kva for formelle krav som vil bli stilt for etablering av laglege vinterparkeringsplassar ved ei eventuell vinterbrøyting fram til Lostølen. Retten ynskjer og å få oversikt over kor stort behov det i tilfelle vil vera for slike parkeringsplassar og kor mange tomter som kan bli utløyste ved brøyting fram til eige tomt.

Vidare vart det gjort slikt mellombels regulerande

Vedtak:

Tørstad og Magistad har opplyst at dei må ha tilgang til vinterbrøytt veg fram til sine teigar. Dei driv med oppføring av hytter og er heilt avhengige av å få inn materialar, handverkarar, betongbilar m.m. Jordskifteretten ser at det er nødvendig og tenleg å kunne ha vinterbrøytt veg for utføring av dette arbeidet.

Dette behovet vurderer retten som akutt og som kan løysast med mellombelse reglar før jordskiftesaka er ferdig. Heimelen for denne mellombelse ordninga er jskl. § 23. Det blir i samanhengen synt til Austenå og Øvstedal si kommentarutgåve til jordskiftelova note 2 til § 23. Her står det m.a.: ”Ved loven av 1979 vart heimelen utvida til også å gjelde det ein kan kalle *positive bruksreglar*. Jordskifteretten vil då ha heimel til å gi reglar som løyser akutte problem i skiftefeltet på eit tidleg tidspunkt, t.d. å skaffe nødvendig adkomst, nødvendig drenering osv.”

Ved ei slik mellombels ordning har ikkje retten høve til å gje andre enn dei partar som har behov for slik vinterbrøytte veg, rett til å bruke denne vegen. Det er difor nødvendig at vegen blir stengt ved Syndinstøga slik at anna trafikk blir hindra.

Retten vurderer det slik at det er veglaget som må ha ansvaret for oppsetting av bom/stengsel, men at dette blir kosta av Tørstad og Magistad. Brøytinga frå Syndinstøga og fram til der hyttebygginga går føre seg, blir å utføre av Tørstad og Magistad for eiga rekning.

Dei er vidare pliktige til å setja vegen i stand for eiga rekning til våren. Styret i veglaget skal godkjenne istandsettinga.

Dersom det er fare for at vegen kan bli øydelagt ved køyring og transport i vårløysinga e.l., kan styret i vegen stenge strekninga for køyring i aktuelle periodar.

Med denne grunngjeving blir det slik einstemmig

Slutning:

- 1. Ole Jørgen Magistad og Trygve Arne Tørstad for Marit Høyme Tørstad, får rett til for eiga rekning, å brøyte vegen frå Syndinstøga og fram til Lostølen, heretter kalla vegstrekninga.*
- 2. Veglaget v/ styret, stenger vegen i vintersesongen med bom ved Syndinstøga. Magistad og Tørstad dekker kostnadene med dette arbeidet.*
- 3. Veglaget v/ styret utleverer tilstrekkeleg med nøklar til Magistad og Tørstad.*
- 4. I vintersesongen skal vegstrekninga berre kunne brukast i samband med nødvendig køyring og transport til hyttene som Tørstad og Magistad har under oppføring.*
- 5. Dersom det er andre partar i denne saka som har behov for bruk av vegstrekninga, skal dei ha rett til det. Økonomisk kompensasjon skal avtalast med Magistad og Tørstad.*
- 6. Veglaget v/ styret kan stenge vegstrekninga for all køyring og transport i periodar dersom det kan vera fare for skade på vegbane, stikkrenner eller grøfter.*
- 7. Magistad og Tørstad er ansvarlege for istandsetting av vegen etter vintersesongen. Vegstyret skal godkjenne ferdig utført arbeid.*
- 8. Denne ordninga blir gjort gjeldande frå dags dato og fram til jordskiftesaka er avslutta eller endra av jordskifteretten.*

Kostnadene

Kostnadene med møtet den 28. februar og i dag er kr 5337,-

Innkalling

Innkalling til neste møte blir sendt i vanleg brev, kfr. jskl. § 14.

Saka vart med det utsett. Retten heva.

Fagernes, den 5. mars 2007

Tidemann M. Kolsrud

Olav Ranum

Ola Lyseng

JORDSKIFTERETTSMØTE

- Rettsmøtedag:** 18.04.2007
Stad: Slidretun (kommunestyresalen) i Vestre Slidre
Sak nr.: 0510-2007-0001 Vegem Høyeme-Syndin-Strø - utsett frå 05.03.2007
- Saka gjeld:** Jordskiftesak - jordskiftelova § 2
- Rettsleiar:** Jordskiftedommar Olav Ranum
Avd.ing. Solveig Gule assisterte retten
- Meddommarar:** Tidemann M. Kolsrud, 2930 Bagn
Ola Lyseng, 2917 Skrautvål
- Protokollførar:** Olav Ranum
- Saka er kravd av:** Trygve Tørstad (for gnr. 6/1) og Knut Idstad
- Til behandling:**
1. Vestre Slidre kommune orienterer om vinterparkering/plansituasjonen, jf. jskl. § 20 a
 2. Vinterparkering
 3. Vinterbrøyting Syndinstøga – Lostøl
 4. Vedtekter
- Partar:**
- Eigar av gnr. 1/1, Thomas Aastad
 - Eigar av gnr. 1/4, Andres Horge
 - Eigar av gnr. 1/5, Martha Kari Karlsen
 - Eigar av gnr. 1/6, Einar Leithe
 - Eigar av gnr. 1/19, Marit og Harald Stokkebryn
 - Eigar av gnr. 2/1, Torger Hålien
 - Eigar av gnr. 2/2, 7/4, Sigrid og Knut Einar Rognes
 - Eigar av gnr. 3/1, 4/1, Vidar Gullhaug
 - Eigar av gnr. 4/4, Thomas Arne Grythe
 - Eigar av gnr. 4/14, 27/4, 27/8, Arne Ivar Haugen
 - Eigar av gnr. 5/1, Ola Bakke
 - Eigar av gnr. 6/1, Marit Høyeme Tørstad
 - Eigar av gnr. 6/2, Ola Rudi
 - Eigar av gnr. 6/4, Inger Strand og Terje Bergli
 - Eigar av gnr. 7/1, Torbjørn Høyeme
 - Eigar av gnr. 7/2, Anne Lise Rolandsgården
 - Eigar av gnr. 7/5, Normann Helle
 - Eigar av gnr. 7/6, Nina Neståker
 - Eigar av gnr. 7/10, Kjell Bergli
 - Eigar av gnr. 7/16, Kjell Jørgen Reishaugen
 - Eigar av gnr. 7/18, Lilly Kari Stee Bergli
 - Eigar av gnr. 7/29, Ragnhild Karin Yrstad Midtmoen
 - Eigar av gnr. 7/29, Nina Elisabeth Yrstad Vøllo
 - Eigar av gnr. 7/29, Kari Brit Yrstad
 - Eigar av gnr. 8/1, 9/3, Gullik Riste
 - Eigar av gnr. 8/2, 37/6, Gerd R Westerheim

Eigar av gnr. 8/3, Nils Haugen
Eigar av gnr. 14/1, Anne T og Andris Øygaard
Eigar av gnr. 24/1, Knut Kjøs Egge
Eigar av gnr. 24/2, Eivind Egge
Eigar av gnr. 25/1, Svein Egge
Eigar av gnr. 25/3, Birger Haugen
Eigar av gnr. 26/1, Ole Høyne
Eigar av gnr. 27/1, Marit Røvang
Eigar av gnr. 28/1, Ingebjørg Stee
Eigar av gnr. 28/2, Ole Jørgen Magistad
Eigar av gnr. 29/1, Knut Hove
Eigar av gnr. 29/2, 31/3, Stein Rønjus Hålien
Eigar av gnr. 30/1, Astrid Hovi
Eigar av gnr. 31/1, Harald Lome
Eigar av gnr. 31/2, Jon Kvale
Eigar av gnr. 32/1, Gjermund Haugen
Eigar av gnr. 32/2, Marit Lome
Eigar av gnr. 32/3, Bente Marie Myhre
Eigar av gnr. 33/1, Jorunn Kristine Ring Oelschlägel
Eigar av gnr. 33/2, Nils Einar Ormestad
Eigar av gnr. 33/3, John Hasle
Eigar av gnr. 34/1, 34/2, Knut Lome
Eigar av gnr. 35/1, Kari Hauge
Eigar av gnr. 35/2, Knut Haug
Eigar av gnr. 36/1, Ivar Ringestad
Eigar av gnr. 36/2, 37/7, Siri Viflat og Nils Erik Hilmen
Eigar av gnr. 37/1, Torleif Ringsaker
Eigar av gnr. 37/3, 40/17, Grethe Løken
Eigar av gnr. 37/3, Marit Anny Løken Tvenge
Eigar av gnr. 39/5, Knut Idstad
Eigar av gnr. 39/6, Ole Einar Robøle
Eigar av gnr. 39/8, 39/10, 39/12, Torbjørn Kvåle
Eigar av gnr. 39/28, Monica Tvenge og Terje Kjøs
Eigar av gnr. 40/1, Aslag Hamre
Eigar av gnr. 40/8, Erik Gunnar Kvale
Eigar av gnr. 40/17, Marit Anny L og Olav Tvenge
Eigar av gnr. 40/20, Håkon Heia
Eigar av gnr. 40/27, Ola Harald Thune
Eigar av gnr. 40/28, Randi Marie H og Ole Henry Slåttsveen
Eigar av gnr. 41/1, Margit og Olav Gardshaug

Eigedomane ligg i Vestre Slidre kommune.

Eigar av gnr. 91/1, Knut Kjøs
Eigar av gnr. 91/4, Nils Opheim
Eigar av gnr. 91/11, Kirsten Flatland
Eigar av gnr. 91/13, Kjell Berge
Eigar av gnr. 96/1, Arne Magne Kvien
Eigar av gnr. 96/3, Ingebjørg Kvien
Eigar av gnr. 96/4, Borgny Kvien og Lars Lien

Eigar av gnr. 96/5, Torstein Kvien
Eigar av gnr. 96/7, Tor Emil Indsetviken
Eigar av gnr. 96/8, Ove Wilhelm Wangensteen-Haugen
Eigar av gnr. 96/11, Ola Wangensteen Kvien
Eigar av gnr. 96/20, Nils Oddvar Haugen
Eigar av gnr. 96/38, Roger Egge
Eigar av gnr. 113/1, Else Kirsti Tandstad
Eigar av gnr. 113/1, Ingvarda Elsa Tandstad
Eigar av gnr. 113/1, Kjell Guttorm Tandstad
Eigar av gnr. 113/1, Ida Magnhild Urke
Eigar av gnr. 113/1, Ola Ingvald Tandstad

Eigedomane ligg i Vang kommune.

Fullmakter

<i>Fullmakt til:</i>	<i>Fullmakt frå:</i>
Ole J. Magistad	Kjell Berge
Kåre Flatland	Kirsten Flatland
Torbjørn Kvåle	Knut Kjøs Kjell Bergli Nils Opheim Inger Strand og Terje Bergli Gjermund Haugen Monika Tvenge og Terje Kjøs Borgny Kvien og Lars Lien
Geir Åge Kvien	Nils Oddvar Haugen Ingebjørg Kvien
Knut Idstad	Anne T og Andris Øygaard Harald Lome Jorunn Ring Oelschlägel Nils E. Ormestad Knut Hove
Gullik Riste	Torbjørn Høyme Normann Helle Gerd R. Westerheim Håkon Heia Astrid Hovi
Trygve A. Tørstad	Marit Høyme Tørstad
Ola E. Tandstad v/Eldar Tandstad	Else Tandstad Ingvarda Tandstad Kjell Tandstad Ida Urke

Fullmakt til: Erik Gunnar Kvale
Fullmakt frå: Ola H Thune

Svein Egge Eivind Egge

Kristoffer Heen Kari Brit Yrstad
Ragnhild K Midtmoen

Olav L Tvenge Grethe Løken
Marit Anny L Tvenge

Birger Haugen Knut Lome

Nils Wangensteen- Ove W Wangensteen-Haugen
Haugen

Nina Neståker Vidar Gullhaug

Til stades: Thomas Aastad, Andres Horge, Einar Leithe som og møtte for Martha Kari Karlsen. Vidare møtte Knut Einar Rognes, Thomas Arne Grythe, Ola Bakke, Trygve Arne Tørstad, Nina Neståker, Arne Myhre, Gullik Riste, Ole Høyne, Ole Jørgen Magistad, Nils Erik Hilmen, Knut Idstad. Ole Einar Robøle, Torbjørn Kvåle, Ole Henry Slåttsveen og Nils Wangensteen-Haugen.

Vestre Slidre kommune var og innkalla og møtte ved plan- og næringskonsulent Knut Vidar Svanheld. Kommunen var kalla inn i samsvar med jskl. § 20.

På spørsmål frå jordskiftedommaren hadde ingen merknader til retten sin habilitet.

Følgjande dokument vart framlagde:

- | | |
|-------------------------------------------------------|-------------------|
| 37. Fullmakt frå Knut Hove til Knut Idstad | datert 19.02.2007 |
| 38. E-post frå Ole Høyne | datert 12.03.2007 |
| 39. Oversending av rettsbok, innkalling til rettsmøte | datert 15.03.2007 |
| 40. Møteinnkalling til Vestre Slidre kommune | datert 15.03.2007 |

Einar Leithe la fram:

- | | |
|--------------------------------------|-------------------|
| 41. Fullmakt frå Martha Kari Karlsen | datert 18.04.2007 |
|--------------------------------------|-------------------|

Nina Neståker la fram:

- | | |
|---------------------------------|-------------------|
| 42. Fullmakt frå Vidar Gullhaug | datert 14.04.2007 |
|---------------------------------|-------------------|

Vinterparkering og plansituasjonen

Plan-og næringskonsulent Knut Vidar Svanheld fekk ordet. For området ved Midtre Syndin gjorde han greie for arealdelen i kommuneplan, vedtekne reguleringsplanar og planar under arbeid. Planane vart synt med projektor. Han orienterte og om vinterparkering.

Svanheld svara på spørsmål frå retten og partane. Aktuelle planar skulle han sende jordskifteretten. Han vart deretter dimittert.

Vinterparkering

Alle partane fekk koma med sine syn på korleis vinterparkeringa kunne ordnast dersom vegen vart vinterbrøyt.

Forholdet vart drøfta.

Vinterbrøyting Syndinstøga – Lostøl

Alle partane fekk høve til å koma med sine syn på om vegen skal vinterbrøytast eller ikkje. Ulike syn vart drøfta.

Vedtekter

Framlegg til vedtekter vart gjennomgange. Partane fekk høve til å koma med merknader etter kvart.

Kostnadene

Partane var samde om at vegen betaler kostnadene med saka.

Vidare framdrift

Jordskiftedommaren opplyste at retten no vil sende ut nytt justert utkast til vedtekter og at retten vil ta stilling til kravet om vinterbrøyting. Han orienterte om at det mest truleg ikkje vil bli kalla inn til nytt møte med partane. Partane vil få endeleg frist for å koma med merknader til dei framlegg som blir sendte ut.

Jordskiftedommaren opplyste om ankereglane.

Partane vart deretter dimitterte.

Retten drøfta deretter saka. Drøftingane vart ikkje ferdige. Nytt møte vart tidsett til 2. mai på retten sitt kontor.

Retten heva.
Vestre Slidre, 18.04.2007

Tidemann M. Kolsrud

Olav Ranum

Ola Lyseng

VEDTAK

- Rettsmøtedag:** 14.05.2007
Stad: Retten sitt kontor, Fagernes.
Sak nr.: 0510-2007-0001 Vegem Høyeme-Syndin-Strø - utsett frå 18.04.2007
- Saka gjeld:** Jordskiftesak - jordskiftelova § 2
- Rettsleiar:** Jordskiftedommar Olav Ranum
- Meddommarar:** Tidemann M. Kolsrud, 2930 Bagn
Ola Lyseng, 2917 Skrautvål
- Saka er kravd av:** Trygve Tørstad (for gnr. 6/1) og Knut Idstad
- Til behandling:** Vinterbrøyting Syndinstøga – Lostøl
Vedtekter
- Partar:** Eigar av gnr. 1/1, Thomas Aastad
Eigar av gnr. 1/4, Andres Horge
Eigar av gnr. 1/5, Martha Kari Karlsen
Eigar av gnr. 1/6, Einar Leithe
Eigar av gnr. 1/19, Marit og Harald Stokkebryn
Eigar av gnr. 2/1, Torger Hålien
Eigar av gnr. 2/2, 7/4, Sigrid og Knut Einar Rognes
Eigar av gnr. 3/1, 4/1, Vidar Gullhaug
Eigar av gnr. 4/4, Thomas Arne Grythe
Eigar av gnr. 4/14, 27/4, 27/8, Arne Ivar Haugen
Eigar av gnr. 5/1, Ola Bakke
Eigar av gnr. 6/1, Marit Høyeme Tørstad
Eigar av gnr. 6/2, Ola Rudi
Eigar av gnr. 6/4, Inger Strand og Terje Bergli
Eigar av gnr. 7/1, Torbjørn Høyeme
Eigar av gnr. 7/2, Anne Lise Rolandsgården
Eigar av gnr. 7/5, Normann Helle
Eigar av gnr. 7/6, Nina Neståker
Eigar av gnr. 7/10, Kjell Bergli
Eigar av gnr. 7/16, Kjell Jørgen Reishaugen
Eigar av gnr. 7/18, Lilly Kari Stee Bergli
Eigar av gnr. 7/29, Ragnhild Karin Yrstad Midtmoen
Eigar av gnr. 7/29, Nina Elisabeth Yrstad Vøllø
Eigar av gnr. 7/29, Kari Brit Yrstad
Eigar av gnr. 8/1, 9/3, Gullik Riste
Eigar av gnr. 8/2, 37/6, Gerd R Westerheim
Eigar av gnr. 8/3, Nils Haugen
Eigar av gnr. 14/1, Anne T og Andris Øygaard
Eigar av gnr. 24/1, Knut Kjøs Egge
Eigar av gnr. 24/2, Eivind Egge
Eigar av gnr. 25/1, Svein Egge
Eigar av gnr. 25/3, Birger Haugen

Eigar av gnr. 26/1, Ole Høyne
Eigar av gnr. 27/1, Marit Røvang
Eigar av gnr. 28/1, Ingebjørg Stee
Eigar av gnr. 28/2, Ole Jørgen Magistad
Eigar av gnr. 29/1, Knut Hove
Eigar av gnr. 29/2, 31/3, Stein Rønjus Hålien
Eigar av gnr. 30/1, Astrid Hovi
Eigar av gnr. 31/1, Harald Lome
Eigar av gnr. 31/2, Jon Kvale
Eigar av gnr. 32/1, Gjermund Haugen
Eigar av gnr. 32/2, Marit Lome
Eigar av gnr. 32/3, Bente Marie Myhre
Eigar av gnr. 33/1, Jorunn Kristine Ring Oelschlägel
Eigar av gnr. 33/2, Nils Einar Ormestad
Eigar av gnr. 33/3, John Hasle
Eigar av gnr. 34/1, 34/2, Knut Lome
Eigar av gnr. 35/1, Kari Hauge
Eigar av gnr. 35/2, Knut Haug
Eigar av gnr. 36/1, Ivar Ringestad
Eigar av gnr. 36/2, 37/7, Siri Viflat og Nils Erik Hilmen
Eigar av gnr. 37/1, Torleif Ringsaker
Eigar av gnr. 37/3, 40/17, Grethe Løken
Eigar av gnr. 37/3, Marit Anny Løken Tvenge
Eigar av gnr. 39/5, Knut Idstad
Eigar av gnr. 39/6, Ole Einar Robøle
Eigar av gnr. 39/8, 39/10, 39/12, Torbjørn Kvåle
Eigar av gnr. 39/28, Monica Tvenge og Terje Kjøs
Eigar av gnr. 40/1, Aslag Hamre
Eigar av gnr. 40/8, Erik Gunnar Kvale
Eigar av gnr. 40/17, Marit Anny L og Olav Tvenge
Eigar av gnr. 40/20, Håkon Heia
Eigar av gnr. 40/27, Ola Harald Thune
Eigar av gnr. 40/28, Randi Marie H og Ole Henry Slåttsveen
Eigar av gnr. 41/1, Margit og Olav Gardshaug

Eigedomane ligg i Vestre Slidre kommune.

Eigar av gnr. 91/1, Knut Kjøs
Eigar av gnr. 91/4, Nils Opheim
Eigar av gnr. 91/11, Kirsten Flatland
Eigar av gnr. 91/13, Kjell Berge
Eigar av gnr. 96/1, Arne Magne Kvien
Eigar av gnr. 96/3, Ingebjørg Kvien
Eigar av gnr. 96/4, Borgny Kvien og Lars Lien
Eigar av gnr. 96/5, Torstein Kvien
Eigar av gnr. 96/7, Tor Emil Indsetviken
Eigar av gnr. 96/8, Ove Wilhelm Wangensteen-Haugen
Eigar av gnr. 96/11, Ola Wangensteen Kvien
Eigar av gnr. 96/20, Nils Oddvar Haugen
Eigar av gnr. 96/38, Roger Egge

Eigar av gnr. 113/1, Else Kirsti Tandstad
Eigar av gnr. 113/1, Ingvarda Elsa Tandstad
Eigar av gnr. 113/1, Kjell Guttorm Tandstad
Eigar av gnr. 113/1, Ida Magnhild Urke
Eigar av gnr. 113/1, Ola Ingvald Tandstad

Eigedomane ligg i Vang kommune.

Framlagt vart:

43. Arealplaner for området

Dok. 43 vart gjennomgange med partane på møtet den 18. april 2007.

Jordskifteretten gjorde slikt regulerande

vedtak:

Retten skal ta stilling til om vegen Syndinstøga - Lostøl skal vera vinterbrøytt eller ikkje. Det gjeld ein strekning på om lag 3,2 km. Til denne strekninga soknar det i dag om lag 180 hytter. I tillegg er det godkjent /under planlegging om lag 200 nye tomter. Når det gjeld vegen elles, blir det synt til framstillinga for fremmingsvedtaket.

Med unnatak for sesongen 2004-2005 har vegen ikkje vore brøytt lengre fram enn til Syndinstøga. Årsmøte i vegen har vedteke at vegen ikkje skal brøytast fram til Lostøl, men at den framleis skal vera stengt ved Syndinstøga.

Transporten frå langtidsparkeringa fram til hyttene skjer med snøsskuter og beltebil.

Brøyting eller ikkje brøyting har vorte drøfta med partane på møtet den 28. februar og den 18. april 2007.

Trygve Tørstad har for eiga rekning brøytt vegen denne vinteren. Som ei mellombels ordning fekk Tørstad og Magistad rett til å halde fram med brøytinga. Det blir i samanhengen synt til retten sitt vedtak datert 5. mars 2007.

Det er Ola Bakke som har brøytinga frå bygda og fram til Syndinstøga. Samla strekning er på om lag 7,5 km. Denne brøytinga kostar 120 000 kroner per år.

Trygve Tørstad har i det vesentlege gjort gjeldande:

Den aktuelle vegstrekninga er av svært god standard. Sjølv ynskjer han for framtida satse på hyttebygging på eigen teig. Han har i teigen godkjent om lag 25 tomter. Det er heilt avgjerande at vegen er vinterbrøytt heilt fram slik at han får fram materialar og handverkarar også på vinterstid. Dersom han skal vera nøydd til å frakte handverkarar og materialar med snøskuter, vil dette bli ein meirkostnad på 100 000 kroner per hytte.

Det å kunne tilby heilårsveg vil bety høgare tomtepris og høgare pris for ferdig hytte. Sjølv reknar han med at prisen på ei hytte vil bli om lag 300 000 kroner mindre dersom vegen ikkje er vinterbrøytt.

Prisen vil truleg vera på om lag 500 000 kroner for tomter med heilårsveg. For tomter utan heilårsveg, vil prisen mest truleg ligge på 350 000 kr.

Økonomien ved bortleige av hytter vil og bli betre med vinterbrøytte veg.

Han trur at kostnadene med å brøyte vil koste om lag 20 000 kroner per år. Med vinterbrøytte veg vil trafikken auke. Vegen vil tene på denne brøytinga og vil ikkje belaste fellesskapet.

Ved ei brøyting må heile vegbreidda brøytast. Det kan lagast ei løype for skuter ved sida av vegen.

Når det gjeld vinterparkering, så vil det i hovudsak kunne gå greitt å parkere bilane på eigen grunn. Sjølv har han eit jorde som vil kunne brukast til parkering vinterstid.

I vintersesongen 2004 – 2005 vart vegen halden open på grunn av arbeidet med framføring av straum. Det vart den gong ikkje nokon vanskar med parkering av bilane.

Ole Jørgen Magistad har i det vesentlege gjort gjeldande:

For vurdering av kostnadene med ei brøyting, så må det rettaste vera å samanlikne kostnadene med å brøyte frå bygda og opp til fjellet. Strekninga over fjellet er svært vêrhardt og kan ikkje samanliknast med dei kostnadene det vil vera å brøyte til Lostøl.

Ei meiningsmåling syner at det er fleirtal for brøyting.

Når det gjeld vinterparkering, så vil det ikkje bli noko problem. Parkeringa let seg ordne.

Andres Horge har i det vesentlege gjort gjeldande

Ved ei vinterbrøyting vil det bli mykje søle og området vil bli mindre triveleg. Dersom vegen skal bli vinterbrøytte, så må det ordnast med parkering. Det er viktig å få bilane vekk frå vegen. Vegen bør i tilfelle ikkje brøytast i heile si breidde. Den ubrøytte sida av vegen bør då kunne bli brukt av snøskuter.

Han er redd for at ei brøyting fram til Lostølen, vil føre til krav om brøyting også av andre vegar som veglaget omfattar.

Gullik Riste har i det vesentlege gjort gjeldande:

Både blant medeigarane i vegen og blant hyttefolka er det eit fleirtal mot brøyting til Lostølen. Årsmøtet har gjort vedtak om ikkje å vinterbrøyte. Årsmøtet bør ha myndigheit til å avgjera dette.

Kostnadene med å brøyte vil truleg ligge på 50-60 000 kroner pr. år.

Dersom det blir vinterbrøytte så må ein prøve å få til parkering ved hyttene og bruke dei plassane som er i dag. Parkeringsplassar utan organisering vil bli vanskelege å utnytte.

For dei utbyggingsfelt som i dag blir planlagde, vil vinterparkering på eiga tomt vera greitt. Slik parkering kan vera noko vanskelegare for eldre utbyggingsområde der sidevegane er bratte.

Ola Bakke har i det vesentlege gjort gjeldande

Han kan vera samd i at det sikkert vil vera lettare å selja tomter og hytter med heilårsveg. Men det er og folk som vil betale for ikkje å ha veg. Han trur mange etter kvart ynskjer å gå tilbake til det meir enkle. Mange hytteeigarar vil protestere mot brøyting forbi sine hytter.

Når det gjeld tilkomsten under byggeperioden, så gjeld det å planlegge arbeidet. Ved godt planlagt arbeid vil ikkje vinterstengt veg vera så stor ulempe. Det er mange snikkarlag som har brukt skuter for å koma seg fram. Med skuteren vil dei vera sikra å koma seg heimatt om kvelden når veret er dårleg.

Han trur ikkje det blir mindre skutertrafikk med vinterbrøytte veg. Sjølv om vegen blir brøytte fram til Lostøl, så vil det vera mange sidevegar som ikkje blir brøytte. Det vil difor vera nødvendig med skutertransport sjølv med vinterbrøytte veg.

Brøyting fram til Lostølen vil representere ei kostnadsauke for vegen. Han trur kostnadene med å brøyte til Lostølen realistisk kan dreie seg om 60-70 000 kroner per år. For dei som har heilårskort, vil inntektene frå desse ikkje auke.

Det kan og vera ei løysing å brøyte ei kortare periode.

Han opplyser at i påska så var det om lag 400 bilar som parkerte på langtidsparkeringa. Det var truleg plass til 600 bilar.

Dersom det skal brøytast så må vegen stå for denne brøytinga.

Ved ei eventuell vinterbrøyting vil det vera råd å bruke dei nye vegane som tilkomst til hyttene også om vinteren. Vinterparkeringa bør i mest muleg grad skje ved hyttene. Det bør ikkje skje parkering heilt inn til vegen. Slik parkering skapar vanskar ved brøyting.

Han trur at brøyting fram til hyttene kan bli kostbart for den enkelte hytteeigar dersom dei ynskjer brøyting fram til sine eigedomar.

Nina Neståker har i det vesentlege gjort gjeldande:

Det kan vera mykje å tene på ikkje å brøyte. Folk vil no ha meir ro og stillheit. Når det gjeld byggearbeidet, så må dette planleggast. Ved god planlegging vil ein vinterstengt veg ikkje vera nokon ulempe.

For to år sidan selde ho sjølv hyttetomter. Sidan den gong har tomteprisane auka sjølv med vinterstengt veg.

Det kan og vera ei løysing å brøyte ein periode om vinteren, men at vegen blir stengt frå februar til april. På den måten ville vegen vera open det meste av året. Ei slik løysing kunne vera eit kompromiss og imøtekjem dei ulike interessene i området.

Det er mange som er i mot brøyting. Dette må tilleggast vekt. Det er viktig å kunne bevare dei kvite viddene i området.

Torbjørn Kvåle har i det vesentlege gjort gjeldande :

Vinterbrøyting fram til Lostølen har vorte nedstemt. Området er unikt og det må takast særlege omsyn. Ved ei vinterbrøyting vil det i stor grad bli parkering ved dei enkelte hyttene. Bilane blir spreidde over heile strekinga. På strekinga kan det vera svært vêrhardt. Ved snødrev vil det bli vanskeleg å få bilane ut att. Kven skal ha ansvaret og kven skal koste dette?

Det blir vanskelegare å halde god veg når mykje av pengane går med til brøyting.

Dersom det skal brøytast, må laget ta denne brøytinga. Det vil i tilfelle bli auka trafikk. Dette tilseier at vegen i tilfelle må brøytast i heile si breidde. Ei slik brøyting vil bli kostbar.

Stølsvegen må utbetrast på fleire strekningar. Denne utbetringa vil alle ha nytte av. Brøyting fram til Lostøl vil vera til nytte for nokre få. Opprustningsarbeidet bør difor prioriterast før vinterbrøyting til Lostølen.

Stein Rønjus Hålien har i det vesentlege gjort gjeldande:

Han har ingen eigeninteresse i spørsmålet om vinterbrøyting eller ikkje. Sjølv har han støl i statsallmenningen. Det må difor vera ein føresetnad at ei eventuell vinterbrøyting ikkje belastar fellesskapet.

Ole Einar Robøle har i det vesentlege gjort gjeldande:

Han syner til tilfelle der stølsvegar er opna opp for vinterbruk. Denne vinteropninga har ført til mykje meir bruk av hyttene. Det må leggjast til rette for vinterbrøyting. I alle andre område med heilårsveg, så fører det til ei verdistigning. Kommunen har ikkje lagt begrensningar for vinterbrøyting eller parkeringsplassar i sitt planarbeid.

I den grad det kan bli vanskar med parkering, så vil det berre bli i påska. Resten av vinteren vil parkering vera problemfritt.

Ole Høyne har i det vesentlege gjort gjeldande:

Ved ei vinterbrøyting så må det vera ei vaktteneste. Vegen må vera brøytt til kl. 7 om morgonen. Den nettoen som eventuelt måtte bli ved ei brøyting fram til Lostølen, vil vera brøyting av sidevegane.

Meirkostnadene ved ei vinterbrøyting fram til Lostøl, må betalast av dei som får meirverdien ved at vegen blir vinterbrøytt.

Ved ei eventuell brøyting må heile vegbreidda brøytast. Ein smal veg vil vera upraktisk. Veglaget bør i tilfelle ha ansvaret for stølsvegen, men ikkje brøyting av sidevegar.

Arne Myhre har i det vesentlege gjort gjeldande:

Midtre Syndin bør ta vare på det kvite landskapet. Det bør og kommunen vera oppteken av å ta vare på.

Ein vinteropen veg er svært kostbar. Området ligg 1000 m.o.h. I løpet av fem- ti minutt kan alle vegane vera attdrivne. Raskt skiftande vær- og føreforhold fører til at det kan bli store vanskar med bilar som er parkerte i området.

Thomas Aastad har i det vesentlege gjort gjeldande:

Ei brøyting fram til Lostøl vil bli stygt. Men dersom det skal brøytast så må veglaget stå for brøytinga.

Knut Idstad har i det vesentlege gjort gjeldande:

Dei som ynskjer å brøyte må få høve til det for eiga rekning og risiko. Det er heilt urimeleg å stenge folk ute som har næringsinteresser i området. Dei som brøyter vegen må og ha høve til å tillate andre i å bruke vegen.

Det å stenge vegen deler av vinteren er ikkje noko god løysing.

Nils Erik Hilmen har i det vesentlege gjort gjeldande:

Det er i kommunen regulert inn løyper både ovanfor og nedanfor vegen. Det å brøyte vegen er såleis ikkje i konflikt med skiløype- / snøskutertrafikk.

Dersom det blir brøyting, må veglaget ha ansvaret for dette.

Einar Leithe har i det vesentlege gjort gjeldande

Han stiller spørsmål ved om det blir meir inntekter ved brøyting fram til Lostøl. Mange av påsketuristane har alt betalt for årskort.

Jordskifteretten ser det slik:

Jordskifteretten er kome til at vegen skal brøytast frå Syndinstøga til Lostøl.

Retten legg til grunn at vegen er av god standard og vil godt tåle å vera vinterbrøytt. Det er ingen av partane som har hevda noko anna.

Det ligg føre godkjente reguleringsplanar og planer under arbeid som vil føre til at det blir godt 200 nye tomter på strekninga Syndinstøga til Lostølen. Frå før er der om lag 180 hytter i det same området. Sjølv om ein legg til grunn ei utbyggingsperiode over 20 år, vil det bety bygging av 10 hytter per år. For retten er det openbart at ei slik utbygging krev vinteropen veg.

Ved at vegen ikkje er brøytt fram til Lostøl, så er området som soknar til denne strekninga, faktisk veglaus halve året. Retten er ikkje i tvil om at denne veglause tilstanden gjer det vanskeleg på vinterstid, å utnytte eigedomane som har si vegutløysing på strekninga Syndinstøga – Lostøl.

Retten legg til grunn at utnytting av eigen eigedom til utbyggingsformål, er ein arealbruk som må vurderast likt med anna arealbruk når det gjeld behov for veg. Det å vera veglaus halve året må tvillaust vera ein utenleg situasjon for den aktuelle arealbruken. Denne utenlege situasjon kan lett bøtast på ved å brøyte vegen.

Den utenlege situasjonen er både av praktisk og økonomisk art.

Reint praktisk skapar det naturleg nok vanskar at området vinterstid ikkje er tilgjengeleg med bil eller traktor. Det må vera på det reine at for ein grunneigar som vil føre opp hytter på eigen eigedom, så vil han få store ekstra kostnader ved å bruke skutertransport for materialar og handverkarar. Levering av laftehytter, betong m.m. vil og vera utelukka vinterhalvåret. Uansett om byggearbeidet blir planlagt godt, så vil ikkje ulempene med at vegen er stengt halve året bli borte.

I tillegg til dei praktiske vanskane som blir løyste ved vinteropen veg, ser retten at brøytt veg vil bety mykje økonomisk og slik sett vera tenleg. Retten går ut frå som sikkert, at grunneigarane som for framtida skal selja hytter eller tomter, får betre økonomisk utnytting av eigedomane ved å kunne garantere vinterbrøytt veg. Ein vinteropen veg fører såleis til auka økonomisk utbytte for aktuelle grunneigarar.

Alle grunneigarane som har utbyggingsareal som soknar til strekninga, vil såleis ha nytte av vinterbrøyting. Verdien på dei tomtene som skal seljast, reknar retten med som sikkert vil auke av to grunnar. Den eine grunnen er at det blir rimelegare å bygge hytta. Den andre grunnen er at tomtene blir meir attraktive ved at hyttene lettare kan brukast når vegen er open.

Retten finn såleis at det er tenleg å halde vegen open fram til Lostøl ut frå ei nyttevurdering for dei grunneigarar som har utbyggingsareal langs den aktuelle vegstrekninga.

Når det gjeld ulempene med ei brøyting, så ser retten at ro, stillheit og reine kvite vidder gjerne er ynskjeleg i fjellområda. Men kommunen har lagt til rette for omfattande utbygging. Denne utbygginga kjem i tillegg til dei mange eksisterande hyttene. Denne tilrettelagte arealbruken må nødvendigvis koma noko i konflikt med ynskje om ro og kvite vidder.

Retten kan ikkje sjå at det å ha vegen delvis open i vinterhalvåret er ei tenleg løysing. Den grunngevingen retten har for å halde vegen vinterbrøyt, tilseier at vegen må vera open heile året. Dei praktiske og økonomiske sidene ved vinteropen veg tilseier det. Inntektsgrunnlaget vil og bli vesentleg svekka ved at vegen blir stengt tre til fire månader.

Retten har såleis kome til at dei medeigarane i vegen som har utbyggingsareal som soknar til vegstrekninga, må ha rett til å brøyte. Når retten er kome til dette resultatet, ser retten at det ikkje vil vera nokon meining i at vegen ikkje skulle kunne bli brukt av andre. Det kan ikkje vera noko fornuft i at alle andre skal køyre snøskuter ved sida av vegen. Føresetnaden for open veg må i tilfelle vera at det vil bli høve til vinterparkering

Vestre Slidre kommune v/ plan- og næringskonsulent Knut Vidar Svanheld orienterte m.a. om vinterparkering på møtet den 18. april. Han opplyste om at det i liten grad er regulert inn parkeringsplassar i vedtekne reguleringsplanar. For planar som no er under arbeid, vil innregulering av vinterparkeringsplassar bli vurdert av kommunen. Svanheld sa at det ikkje er noko mål for kommunen å legge til rette for vinterparkering for alle i området. Han presiserte at kommunen skal legge til rette for at grunneigar kan ordne vinterparkering når behovet melder seg i framtida. Kommunen har tilretteleggingsansvar og vil ikkje legge hindringar i vegen for etablering av vinterparkering

Partane har i stor grad sagt at om vegen blir opna, så vil parkeringa leta seg ordne. Parkering vil delvis kunne skje på eiga tomt. Tørstad har opplyst at han har lagt til rette for vinterparkering på sin eigedom. Retten vil og tru at det vil vera råd å brøyte enkelte jorde for parkering. Dersom det i påskehelga skulle bli for få parkeringsplassar inne i området, vil dei eksisterande langtidsparkeringsplassane kunne nyttast. Retten finn det difor ikkje uforsvarleg at vegen blir open for alle.

Vinterfjellet kan vera lunefullt. Parkerte bilar kan snø eller blåse inne. Ei spreidd parkering kan gjera arbeidet med å få fram bilane noko vanskeleg. Retten ser likevel ikkje at dette forholdet kan tilleggst nemnande vekt. Kvar enkelt parkerer på eige ansvar og må sjølv ta arbeidet og kostnadene med dette. Veglaget må og ha rett til å stenge vegen dersom vêrforholda tilseier det.

Retten finn difor at vinterparkering ikkje er til hinder for å opne vegen for alle.

Kven skal ha ansvaret for brøytinga?

Tørstad har sagt seg viljug til å brøyte for eiga rekning og risiko dersom veglaget ikkje vil brøyte. Det har i stor grad vore samstemt tilbakemelding frå dei partane som har uttala seg, at dersom vegen skal vinterbrøytast, så må veglaget ha ansvaret for brøytinga.

For at retten skal kunne pålegge veglaget å brøyte, så må dei ekstra kostnadene dette representerer, ikkje gå ut over fellesskapet. Partane har hatt noko ulike syn på kor mykje det vil koste å halde vegen open. Det er antyda frå 20 000 kroner til 70 000 kroner ekstra per år. Retten tek ikkje stilling til desse kostnadene, men legg til grunn at det ikkje kan by på vanskar å få finansiert brøytinga gjennom bominntekter og andre avgifter. Hyttene er mange og vil bli endå fleire. Det er såleis eit svært godt inntektsgrunnlag på strekninga. Retten legg og vekt på at det er ført straum inn i området. Hyttene kan difor lett brukast heile året. Retten går difor ut frå som sikkert, at det vil bli auka bruk av hyttene og med det eit godt og sikkert trafikkgrunnlag. Retten meiner at brøytinga ikkje blir belastande for fellesskapet dersom årsmøtet vedtek dei avgifter som skal til for å finansiere brøytinga.

Jordskifteretten legg difor til grunn at brøytinga vil vera sjølvfinansierande og at partane ynskjer at veglaget må stå for arbeidet. Retten ser heller ingen annan fornuftig ordning. Det må vera mest tenleg og mest praktisk at det er veglaget som har det fulle og heile ansvaret for heile strekninga frå bygda fram til Lostølen.

Når det gjeld breidda på den vinterbrøytt vegen, må vegen brøytast med ei breidd som tillet to bilar å møtast. Retten ser ingen god løysing med at berre halve breidda på vegen skal vera open. To bilar må kunne passere kvarandre og det må vera breidde nok til større lastebilar. Retten finn difor at det vil vera nødvendig å brøyte vegen i full breidde.

Ei skuterløype og løype for beltebil må kunne leggjast ved sida av vegen eller andre stader der det måtte vera lageleg.

Oppsummert finn retten at det vil vera nyttig at vegen blir brøytt, det er veglaget som best ivaretek brøytinga, det kan ikkje vera problematisk å sjølvfinansiere vinteropen veg og vinterparkeringa let seg ordne.

Heimelen for å kunne pålegge vinteropen veg er jskl. §§ 1, 2, 34 og eventuelt også § 34a.

Retten har funne at det ligg føre ein utenleg situasjon (§ 1). Det blir vidare lagt til grunn at det er rettsleg grunna sambruk i vegen, jf. jskl. § 2 c pkt. 1: *Jordskifte kan gå ut på å gi reglar om bruken i område der det er sambruk mellom eigedomar. I § 34 heiter det Jordskifteretten kan ordne bruk og sambruk innan skiftefeltet slik han finn mest tenleg.*

Ein anna heimel vil kunne vera jskl § 2 e: *Jordskifte kan gå ut på å skipe slike sams tiltak som er nemnde i § 34 a. Etter § 34a fyrste ledd kan jordskifteretten skipe sams tiltak i samband med utnytting og bruk av eigedomar. Felles brøyting vil vera eit slikt sams tiltak. Det er såleis fleire heimlar å bruke for å regulere brøytinga.*

Retten kan heller ikkje sjå at nokon part kan bli skadelidande (jskl. § 3 bokstav a) ved at vegen blir vinteropen, jf. det som retten har sagt om finansieringa.

Med denne grunngjeving er retten kome til slik

slutning:

1. *Vegstrekninga Syndinstøga – Lostøl skal vera vinterbrøytt heile vintersesongen med nødvendig vegbreidd.*
2. *Veglaget er ansvarleg for brøytinga*
3. *Ytterlegare reglar for brøytinga vil bli vurdert fastsett ved avslutning av saka.*

Kostnadene

Kostnadene med møtet den 18. april og 2. mai 2007 er kr 5 849,-

(i beløpet er inkludert arbeidsgjevaravgift i samband med møta 28.02 og 05.03.2007).

Protokollen er underteikna ved sirkulering utan at jordskifteretten har vore samla, jf. § 153 tvistemålslova. Rådslaging og røysting er gjort i samla jordskifterett den 2. mai 2007, jf. § 138 i tvistemålslova.

Saka vart med det utsett. Retten heva.

Fagernes, den 14. mai 2007

Tidemann M. Kolsrud

Olav Ranum

Ola Lyseng

VEDTAK

Dato: 10.07.2007

Sak nr.: 0510-2007-0001 Vegem Høyeme-Syndin-Strø - utsett frå 14.05.2007

Saka gjeld: Jordskiftesak - jordskiftelova § 2

Rettsleiar: Jordskiftedommar Olav Ranum

Meddommarar: Tidemann M. Kolsrud, 2930 Bagn
Ola Lyseng, 2917 Skrautvål

Saka er kravd av: Trygve Tørstad (for gnr. 6/1) og Knut Idstad

Til behandling: Avslutte saka

Partar: Eigar av gnr. 1/1, Tomas Aastad
Eigar av gnr. 1/4, Andres Horge
Eigar av gnr. 1/5, Martha Kari Karlsen
Eigar av gnr. 1/6, Einar Leithe
Eigar av gnr. 1/19, Marit og Harald Stokkebryn
Eigar av gnr. 2/1, Torger Hålien
Eigar av gnr. 2/2, 7/4, Sigrid og Knut Einar Rognes
Eigar av gnr. 3/1, 4/1, Vidar Gullhaug
Eigar av gnr. 4/4, Thomas Arne Grythe
Eigar av gnr. 4/14, 27/4, 27/8, Arne Ivar Haugen
Eigar av gnr. 5/1, Ola Bakke
Eigar av gnr. 6/1, Marit Høyeme Tørstad
Eigar av gnr. 6/2, Ola Rudi
Eigar av gnr. 6/4, Inger Strand og Terje Bergli
Eigar av gnr. 7/1, Torbjørn Høyeme
Eigar av gnr. 7/2, Anne Lise Rolandsgården
Eigar av gnr. 7/5, Normann Helle
Eigar av gnr. 7/6, Nina Neståker
Eigar av gnr. 7/10, Kjell Bergli
Eigar av gnr. 7/16, Kjell Jørgen Reishaugen
Eigar av gnr. 7/18, Lilly Kari Stee Bergli
Eigar av gnr. 7/29, Ragnhild Karin Yrstad Midtmoen
Eigar av gnr. 7/29, Nina Elisabeth Yrstad Vøllo
Eigar av gnr. 7/29, Kari Brit Yrstad
Eigar av gnr. 8/1, 9/3, Gullik Riste
Eigar av gnr. 8/2, 37/6, Gerd R Westerheim
Eigar av gnr. 8/3, Nils Haugen
Eigar av gnr. 14/1, Anne T og Andris Øygard
Eigar av gnr. 24/1, Knut Kjøs Egge
Eigar av gnr. 24/2, Eivind Egge
Eigar av gnr. 25/1, Svein Egge
Eigar av gnr. 25/3, Birger Haugen
Eigar av gnr. 26/1, Ole Høyne

Eigar av gnr. 27/1, Marit Røvang
Eigar av gnr. 28/1, Ingebjørg Stee
Eigar av gnr. 28/2, Ole Jørgen Magistad
Eigar av gnr. 29/1, Knut Hove
Eigar av gnr. 29/2, 31/3, Stein Rønjus Hålien
Eigar av gnr. 30/1, Astrid Hovi
Eigar av gnr. 31/1, Harald Lome
Eigar av gnr. 31/2, Jon Kvale
Eigar av gnr. 32/1, Gjermund Haugen
Eigar av gnr. 32/2, Marit Lome
Eigar av gnr. 32/3, Bente Marie Myhre
Eigar av gnr. 33/1, Jorunn Kristine Ring Oelschlägel
Eigar av gnr. 33/2, Nils Einar Ormestad
Eigar av gnr. 33/3, John Hasle
Eigar av gnr. 34/1, 34/2, Knut Lome
Eigar av gnr. 35/1, Kari Hauge
Eigar av gnr. 35/2, Knut Haug
Eigar av gnr. 36/1, Ivar Ringestad
Eigar av gnr. 36/2, 37/7, Siri Viflat og Nils Erik Hilmen
Eigar av gnr. 37/1, Torleif Ringsaker
Eigar av gnr. 37/3, 40/17, Grethe Løken
Eigar av gnr. 37/3, Marit Anny Løken Tvenge
Eigar av gnr. 39/5, Knut Idstad
Eigar av gnr. 39/6, Ole Einar Robøle
Eigar av gnr. 39/8, 39/10, 39/12, Torbjørn Kvåle
Eigar av gnr. 39/28, Monica Tvenge og Terje Kjøs
Eigar av gnr. 40/1, Aslag Hamre
Eigar av gnr. 40/8, Erik Gunnar Kvale
Eigar av gnr. 40/17, Marit Anny L og Olav Tvenge
Eigar av gnr. 40/20, Håkon Heia
Eigar av gnr. 40/27, Ola Harald Thune
Eigar av gnr. 40/28, Randi Marie H og Ole Henry Slåttsveen
Eigar av gnr. 41/1, Margit og Olav Gardshaug

Eigedomane ligg i Vestre Slidre kommune.

Eigar av gnr. 91/1, Knut Kjøs
Eigar av gnr. 91/4, Nils Opheim
Eigar av gnr. 91/11, Kirsten Flatland
Eigar av gnr. 91/13, Kjell Berge
Eigar av gnr. 96/1, Arne Magne Kvien
Eigar av gnr. 96/3, Ingebjørg Kvien
Eigar av gnr. 96/4, Borgny Kvien og Lars Lien
Eigar av gnr. 96/5, Torstein Kvien
Eigar av gnr. 96/7, Tor Emil Indsetviken
Eigar av gnr. 96/8, Ove Wilhelm Wangensteen-Haugen
Eigar av gnr. 96/11, Ola Wangensteen Kvien
Eigar av gnr. 96/20, Nils Oddvar Haugen
Eigar av gnr. 96/38, Roger Egge
Eigar av gnr. 113/1, Else Kirsti Tandstad

Eigar av gnr. 113/1, Ingvarda Elsa Tandstad
Eigar av gnr. 113/1, Kjell Guttorm Tandstad
Eigar av gnr. 113/1, Ida Magnhild Urke
Eigar av gnr. 113/1, Ola Ingvald Tandstad

Eigedomane ligg i Vang kommune.

Ingen av partane er kalla inn til dette avslutningsmøte, jf. jskl. § 22 andre ledd.

Framlagt vart:

- | | |
|----------------------------------------------------------|-------------------|
| 44. Oversending av rettsprotokoll, vedtak | datert 15.05.2007 |
| Vedlagt: | |
| 1. Utkast II til vedtekter | datert 02.05.2007 |
| 45. Merknader (e-post) frå Einar Leithe mfl. | sendt 01.06.2007 |
| 46. Merknader frå Ole Høyne | datert 01.06.2007 |
| 47. Referat frå høyringsmøte i vegen 31.05.2007 | datert 02.06.2007 |
| Vedlagt: | |
| 1. Resultatregnskap for stølsvegen Høyne-Strø | datert 04.04.2007 |
| 2. Prospekt vedk. hyttetomt i området v/Håkon Evenstad | datert 15.05.2007 |
| 3. Prospekt vedk. hyttetomt i området v/Audun Brusveen | datert 21.05.2007 |
| 48. Merknader (e-post) frå Knut Idstad og Trygve Tørstad | datert 04.06.2007 |
| 49. Merknader (e-post) frå Gullik Riste | datert 04.06.2007 |
| 50. Merknader (e-post) frå Ola Bakke og Nina Neståker | datert 04.06.2007 |
| 51. Oversending av dok. 46-50 | datert 11.06.2007 |
| 52. Oversending av dok. 45 | datert 13.06.2007 |
| 53. Merknader (e-post) frå Ola Bakke mfl. | sendt 25.06.2007 |

Dok. 44-53 er gjennomgange.

Jordskifteretten gjorde slikt regulerande

vedtak:

Bakgrunn

Jordskifteretten gjorde den 14. mai 2007 vedtak om at vegen Syndinstøga – Lostøl skal vera vinterbrøytt. I pkt. 3 i slutninga heiter det: *Ytterlegare reglar for brøytinga vil bli vurdert fastsett ved avslutning av saka.*

Utkast til vedtekter vart sendt partane den 15. mars 2007 og drøfta på møtet den 18. april 2007. Med grunnlag i drøftingane var nytt justert utkast utarbeidd.

I brev til partane den 15. mai 2007, bad jordskifteretten om innspel til pkt. 3 i vedtaksslutninga og til det justerte vedtektsutkastet. Etter merknadsfristen den 4. juni, vart innkomne merknader og innspel sendt partane den 11. juni 2007. I brevet frå retten vart det opplyst at retten tok sikte på å avslutte saka etter at merknadsfristen den 25. juni var ute.

Styret i veglaget har hatt eit høyringsmøte den 31. mai 2007 for å drøfte framlegga frå jordskifteretten. Det var 26 medeigarar som møtte.

Til vedtektsutkastet

Til § 1

Merknad frå Ole Høyne

Vegen skal gå fram til stølen til Eivind Egge, gnr. 94/1/538. Dette er i samsvar med årsmøtevedtak den 3. mai 1987.

Til § 8

Merknad frå Ole Høyne

Det bør vera ein styrerepresentant for strekninga Nørre Gilen – Høyne i staden for Nørre Gilen – Åstadstøl. Framlegget er drøfta på eit høyringsmøte den 31. mai 2007 og fekk der oppslutning.

Til § 10

Felles merknader frå Einar Leithe, Martha Karlsen, Tomas Aastad, Andres Horge, Harald og Marit Stokkebryn, Knut Kjøs og Nina Neståker

Dei ynskjer ikkje å gje veggen fullmakt til å utvide veggen utan samtykke frå aktuelle grunneigarar. Sjølv har dei tidlegare gjeve veggen grunn, medan det er mange andre vegeigarar som ikkje har stilt areal til disposisjon i det heile. Dei krev difor å bestemme over eigen grunn og om veggen skal kunne utvidast eller ikkje.

Merknad frå Ole Høyne

Nødvendig grunn for snuplassar for brøyting og anna trafikk bør vera omfatta av paragrafen. Han gjer og merksam på at då kan det bli behov for meir enn ti meter frå veggen si midtlinje.

Felles merknad frå Ola Bakke og Nina Neståker

Det har vore gjeve mykje fri grunn til veggen frå før. Veggen er i god stand og det skulle ikkje vera behov for å gje meir grunn. Dersom punktet skal gjelde, bør det avgrensast til 6 meter frå veggen si midtlinje.

Til § 11

Frå høyringsmøtet den 31. mai 2007

Representantar for dei som soknar til strekninga Syndinstøga – Lostøl er misnøgde med eingongsavgift, tilleggsavgift på årskort mm. Desse set seg i mot ei slik avgiftsauke. Styret ber difor om at jordskifteretten også tek stilling til nødvendige auke og regulering av avgift. Retten må gjera denne avgjerda for å hindre at ingen part blir skadelidande.

Felles merknad frå Knut Idstad og Trygve Tørstad

Kontroll og innkrevjing av avgift ved sal og bortfeste vil vera kostbart og ta mykje tid. Dei meiner difor at prisen på bomkort bør aukast. Framlegg om pris er for: sommarsesong kr 600, vintersesong kr 1 000 og årskort kr 1 500. Pkt. 2 i paragrafen bør difor strykast.

Felles merknad frå Ola Bakke, Tomas Aastad og Nina Neståker

Det må vera brukarane av den vinterbrøytt veggen som må betale for brøytinga til Lostølen.

Ettersom det er så viktig for dei som driv med byggeverksemd vinterstid og med det kravde vinterbrøytt veg, burde dei og vera med å betale for kostnadene med vinterbrøytinga på lik linje med andre som brukar veggen vinterstid.

Merknad frå Gullik Riste:

Pkt. 2 bør strykast. Det har tidlegare vore prøvd ei tilsvarande ordning, men med svært dårleg resultat.

Tillegg til vedtektene

Ola Bakke og Nina Neståker ynskjer at vedtektene blir utvida med ein paragraf: *Årsmøtet bestemmer retningslinjer for brøyting, med tanke på; standard, opningstider o.s.v*

Til pkt. 3 i vedtaksslutninga

Felles merknad frå Knut Idstad og Trygve Tørstad

Vegen må vera brøyta kl. 8 – 22. I helger med mykje folk i fjellet må veggen vera framkommeleg heile døgnet.

Felles merknad frå Ola Bakke og Nina Neståker

Dersom hytteeigarane ikkje ynskjer å betale for brøytinga vil denne føre til utgifter som må dekkast av fellesskapet. Dei ynskjer difor at årsmøtet i veggen kan oppheve brøytinga frå Syndinstøga til Lostølen dersom økonomien tilseier det.

Jordskifteretten ser det slik:

Til vedtektsutkastet

Til § 1

Det har ikkje kome inn reaksjonar på Ole Høyne sin merknad og retten legg merknaden til grunn.

Til § 2-7

Det er ikkje kome inn merknader og retten legg utkastet til grunn.

Til § 8

Det har ikkje kome inn reaksjonar på Ole Høyne sin merknad og retten legg merknaden til grunn.

Til § 9

Det er ikkje kome inn merknader og retten legg utkastet til grunn.

Til § 10

Det er ingen som har hatt merknader til det Einar Leithe mfl. har gjort gjeldande. Retten ser at framlegget kan gje for vide fullmakter til veggen. Sjølv om bestemmelsen kan vera praktisk, så har det for denne veggen ikkje kome fram spesielle forhold som skulle tilseie at bestemmelsen er nødvendig. Retten finn difor at paragrafen bør gå ut.

Til § 11. 1

Jordskifteretten vil presisere at det ikkje skal vera høve til å auke den generelle bomavgifta eller årsavgifta som fylgje av vinterbrøyting fram til Lostølen. Retten har i sitt vedtak om vinterbrøyting, lagt til grunn at kostnadene skal dekkast av dei som har nytte av denne brøytinga.

Nødvendig generell avgiftsauke vil det sjølv sagt vera høve til å vedta.

Til § 11. 2

Utbygging i området er ein direkte årsak til at vegen skal vinterbrøytast frå Syndinstøga til Lostølen. Retten finn det difor rimeleg at dei utbyggerane som har nytte av denne brøytinga, også må yte ekstra for denne fordelene. I tillegg vil ei utbygging føre til mykje tungtransport heilt frå bygda og fram til utbyggingsområdet. Retten meiner at denne ekstra belastninga også må dekkast av utbyggerane. Årsmøtet bør difor ha heimel til å pålegge og fastsetje slik avgift. Retten er oppteken av at dei ekstra kostnadene som utbygginga påfører vegen, ikkje skal belastast fellesskapet, men at dei som faktisk har den største nytta også må ta kostnadene. Retten ser at det kan vera tenleg at jordskifteretten fastset eit beløp for dei fyrste fem åra. Dette beløpet blir sett skjønsmessig til kr 10 000 pr. tomt. Det blir synt til slutninga pkt. 2 nedanfor. Årsmøtet må deretter vedta avgifta og sjølv bestemme beløpet.

Denne avgifta blir gjort gjeldande for sal/bortfeste som skjer etter dato for lovleg kunngjering. Det er dato for tinglysing av festekontrakt/skøyte som skal leggjast til grunn for tidsfastsetting av salet.

Nytt underpunkt 3

Retten ser det slik at dei hytteeigarane som soknar til Syndinstøga – Lostølen må få eit tilbod om å bruke denne strekninga mot ekstra betaling. Tilbodet må vera frivillig. Dei som ikkje ynskjer å nytte seg av tilbodet, kan då ikkje køyre strekninga vinterstid og må parkere på dei gamle parkeringsplassane. Dei må sjølv ordne med skutertransport e.l vidare fram til hytta. Dei av hytteeigarane som ynskjer å køyre vegen ei eller fleire gonger i løpet av vinteren, må betale ekstra avgift for denne bruken. Denne avgifta blir å fastsetja av årsmøtet.

Ut frå tilbakemeldingane ser retten det kan vera tenleg at beløpet blir fastsett av jordskifteretten for dei to fyrste åra. Beløpet blir skjønsmessig sett til kr 750,- pr. år, kfr. pkt. 3 i slutninga nedanfor.

Nytt underpunkt 5

Retten ser at det under avgiftsparagrafen bør vera eit eige punkt om tilleggsavgift ved manglande betaling.

Tillegg til § 12

Krav til oppbrøytt veg bør vera frå kl. 8 til 22. Retten meiner at dette tidsrommet bør dekke den vanlege og vesentlegaste bruken. Deler av vegen er tross alt ein frittliggande fjellveg. Det må brukarane forhalde seg til. I helgene bør det vera tilstrekkeleg at vegen er brøytt til kl. 10.

Dei som har spesielle behov for å koma tidlegare/ seinare inn i området, kan ved behov avtale med brøytaren av vegen om brøyting utanfor fastsett tid. Ekstra godtgjering for dette blir å betale og avtale direkte med brøytaren.

Ved å legge denne bestemmelsen inn som eit tillegg til paragrafen, kan regelen justerast og endrast ved behov jf, vedtektsutkastet § 17.

Til §§ 13- 17

Det er ikkje kome inn merknader og retten legg utkastet til grunn.

Til pkt. 3 i vedtaksslutninga

Til brøytetida

Merknaden frå Idstad og Tørstad er innarbeidd i paragrafen for *BRUK AV VEGEN*.

Til kravet om oppheving av brøytinga

Retten har i si grunngeving for vinteropen veg, vurdert det som sikkert at det vil vera råd å sjølvfinansiere brøytinga. Vedtektene opnar for slik finansiering. Det same gjer jordskifteretten sitt vedtak, kfr. slutninga pkt.2 og 3 nedanfor.

Retten held difor fast ved at vedtaket om vinteropen veg ikkje skal kunne setjast til side av veglaget.

Spesielt om paragrafnummereringa

Paragraftilvisinga ovanfor er i forhold til vedtektsutkastet, vedlegg 1 til dok. 44.

For dei endelege vedtektene vil nummereringa vera justert frå § 4 og utover.

Med denne grunngeving er retten kome til slik

slutning

- 1. Vedtekter for vegen Høyme-Syndin-Strø blir fastsett slik som inntekne under pkt. 1 nedanfor.*
- 2. Medeigarar i veglaget som festar bort/sel hyttetomter, skal betale kr 10 000 pr. tomt til veglaget. Reglane i vedtektene § 9.2 blir elles gjort gjeldande. Innbetaling til veglaget skal skje seinast 30 dagar etter dato for tinglysing av skøyte/festekontrakt. Dette pkt. blir gjort gjeldande fram til 01.07.2012. Frå denne dato gjeld § 9.2 fullt ut.*
- 3. Ekstra brøyteavgift for vinterbruk av strekninga Syndinstøga – Lostøl er kr 750 pr. år pr. hytteeigedom. Dei av hytteeigarane som ynskjer å bruke denne vegen vinterstid, skal betale dette beløpet. Dette punkt blir gjort gjeldande fram til 1. mai 2009. Frå denne dato gjeld § 9.3 fullt ut.*

I

VEDTEKTER FOR VEGEN HØYME-SYNDIN-STRØ

§ 1. VEGEN

Vegen Høyme-Syndin-Strø, heretter kalla veglaget, omfattar vegstrekninga frå Høyme til Strø (fram til stølen til gnr. 94/1/538) og Kvitehaugen (fram til krysset Kvitehaugen-Flikja). Vegen omfattar og sidegreinene Åstadstøl – Kviessyndin (fram til vegdelet ved grensa mot gnr. 96/11) og Åstadstøl – Lostøl (fram til stølsavkøyringa til gnr. 7/6).

§ 2. FORMÅL OG ANSVAR

Veglaget har til formål å halde vedlike og sørge for tilstrekkeleg vegstandard på vegen - om nødvendig ved opprusting/omlegging. Vegen skal på tidsmessig måte tene jord-, skog-, støls-, utmarks- og utbyggingsinteressene innanfor dekningsområdet til vegen. Laget er eit eigarlag og har delt, ubegrensa ansvar.

§ 3. MEDEIGARAR

Fylgjande eigedomar er medeigarar i veggen:

Gnr. 1/1, Tomas Aastad
Gnr. 1/4, Andres Horge
Gnr. 1/5, Martha Kari Karlsen
Gnr. 1/6, Einar Leithe
Gnr. 1/19, Marit og Harald Stokkebryn
Gnr. 2/1, Torger Hålien
Gnr. 2/2, 7/4, Sigrid og Knut Einar Rognes
Gnr. 3/1, 4/1, Vidar Gullhaug
Gnr. 4/4, Thomas Arne Grythe
Gnr. 4/14, 27/4, 27/8, Arne Ivar Haugen
Gnr. 5/1, Ola Bakke
Gnr. 6/1, Marit Høyeme Tørstad
Gnr. 6/2, Ola Rudi
Gnr. 6/4, Inger Strand og Terje Bergli
Gnr. 7/1, Torbjørn Høyeme
Gnr. 7/2, Anne Lise Rolandsgården
Gnr. 7/5, Normann Helle
Gnr. 7/6, Nina Neståker
Gnr. 7/10, Kjell Bergli
Gnr. 7/16, Kjell Jørgen Reishaugen
Gnr. 7/18, Lilly Kari Stee Bergli
Gnr. 7/29, Ragnhild Karin Yrstad Midtmoen
Gnr. 7/29, Nina Elisabeth Yrstad Vøлло
Gnr. 7/29, Kari Brit Yrstad
Gnr. 8/1, 9/3, Gullik Riste
Gnr. 8/2, 37/6, Gerd R Westerheim
Gnr. 8/3, Nils Haugen
Gnr. 14/1, Anne T og Andris Øygaard
Gnr. 24/1, Knut Kjøs Egge
Gnr. 24/2, Eivind Egge
Gnr. 25/1, Svein Egge
Gnr. 25/3, Birger Haugen
Gnr. 26/1, Ole Høyne
Gnr. 27/1, Marit Røvang
Gnr. 28/1, Ingebjørg Stee
Gnr. 28/2, Ole Jørgen Magistad
Gnr. 29/1, Knut Hove
Gnr. 29/2, 31/3, Stein Rønjus Hålien
Gnr. 30/1, Astrid Hovi
Gnr. 31/1, Harald Lome
Gnr. 31/2, Jon Kvale
Gnr. 32/1, Gjermund Haugen
Gnr. 32/2, Marit Lome
Gnr. 32/3, Bente Marie Myhre
Gnr. 33/1, Jorunn Kristine Ring Oelschlägel
Gnr. 33/2, Nils Einar Ormestad
Gnr. 33/3, John Hasle

Gnr. 34/1, 34/2, Knut Lome
Gnr. 35/1, Kari Hauge
Gnr. 35/2, Knut Haug
Gnr. 36/1, Ivar Ringestad
Gnr. 36/2, 37/7, Siri Viflat og Nils Erik Hilmen
Gnr. 37/1, Torleif Ringsaker
Gnr. 37/3, 40/17, Grethe Løken
Gnr. 37/3, Marit Anny Løken Tvenge
Gnr. 39/5, Knut Idstad
Gnr. 39/6, Ole Einar Robøle
Gnr. 39/8, 39/10, 39/12, Torbjørn Kvåle
Gnr. 39/28, Monica Tvenge og Terje Kjøs
Gnr. 40/1, Aslag Hamre
Gnr. 40/8, Erik Gunnar Kvale
Gnr. 40/17, Marit Anny L og Olav Tvenge
Gnr. 40/20, Håkon Heia
Gnr. 40/27, Ola Harald Thune
Gnr. 40/28, Randi Marie H og Ole Henry Slåttsveen
Gnr. 41/1, Margit og Olav Gardshaug

Eigedomane ligg i Vestre Slidre kommune.

Gnr. 91/1, Knut Kjøs
Gnr. 91/4, Nils Opheim
Gnr. 91/11, Kirsten Flatland
Gnr. 91/13, Kjell Berge
Gnr. 96/1, Arne Magne Kvien
Gnr. 96/3, Ingebjørg Kvien
Gnr. 96/4, Borgny Kvien og Lars Lien
Gnr. 96/5, Torstein Kvien
Gnr. 96/7, Tor Emil Indsetviken
Gnr. 96/8, Ove Wilhelm Wangensteen-Haugen
Gnr. 96/11, Ola Wangensteen Kvien
Gnr. 96/20, Nils Oddvar Haugen
Gnr. 96/12, Roger Egge
Gnr. 113/1, Else Kirsti Tandstad
Gnr. 113/1, Ingvarda Elsa Tandstad
Gnr. 113/1, Kjell Guttorm Tandstad
Gnr. 113/1, Ida Magnhild Urke
Gnr. 113/1, Ola Ingvald Tandstad

Eigedomane ligg i Vang kommune.

Eigardelen fylgjer eigedomen og kan ikkje skiljast frå denne.

Dersom ein eigedom blir delt og den frådeltte parsell er landbrukseigedom som soknar til vegen, har denne rett og plikt til å bli med i veglaget.

Som nye medeigarar kan etter søknad takast opp andre eigedomar i området og andre som veglaget er interesserte i å ha med.

§ 4 ARBEIDSÅR OG FORPLIKTELSE

Rekneskaps- og arbeidsåret fylgjer kalenderåret. Laget blir forplikta av leiaren saman med kasseraren.

§ 5 ÅRSMØTE

1. Konstituering

Årsmøtet er laget si øvste myndigheit.

Ordinært årsmøte skal haldast innan 1. april kvart år.

Berre medeigarane har rett til å delta på årsmøtet.

Ein medeigar kan la seg representere ved fullmektig med skriftleg fullmakt. Ingen kan møte med meir enn to fullmakter.

Årsmøtet blir kalla inn av leiaren.

Innkallinga skal skje skriftleg med minst to vekers varsel. Saklista skal stå i innkallinga.

Årsmøtet kan ikkje gjera bindande vedtak i andre saker enn dei som er nemnde i innkallinga.

Saker som ein vil ha behandla på årsmøtet, må vera innkomne til styret innan 1. mars.

2. Fleirtalsvedtak

Det enkelte vedtak på årsmøte blir gjort med vanleg fleirtal (simpelt relativt fleirtal) blant dei frammøtte. Kvar driftseining har ei stemme.

Ved skriftleg avstemming blir blanke stemmer rekna som ikkje avgjevne stemmer.

Likt stemmetal ved val blir avgjort med loddtrekning. Ved stemmelikheit elles har møteleiaren dobbeltstemme.

Årsmøtet er vedtaksfør når innkallinga har skjedd på lovleg måte.

Fleirtalsvedtak må ikkje påføre nokon medeigar større kostnader og ulemper enn nytte.

Vedtaket må heller ikkje føre med seg usakleg skilnad på rettane til fleirtalet og mindretalet.

Vedtaket må ivareta fellesskapets vel og ikkje gje urimelege fordelar til fleirtalet til skade for mindretalet.

Medeigar som meiner eit fleirtalsvedtak er i strid med desse vilkåra, kan bringe spørsmålet oppfor rettsleg skjønn.

3. Årsmøtet skal:

- Velja møteleiar.
- Velja protokollfører.
- Godkjenne innkalling, fullmakter og sakliste.
- Velja minst to personar som saman med leiaren skal underskrive protokollen.
- Behandle styret si årsmelding og den reviderte rekneskapen, arbeidsplan og budsjettforslag.
- Behandle innkomne saker.
- Velja leiar. Denne blir vald for eitt år om gongen.
- Velja så mange styremedlemer med vararepresentantar som står på val.
- Velja to revisorar med vararepresentantar for to år. Etter fyrste året er den eine på val etter loddtrekning.
- Velja valnemnd.
- Vedta vegavgifter, jf. § 9.
- Vedta retningslinjer for vinterbrøyting og vilkår for tildeling av denne.
- Behandle andre saker som er nemnde i innkallinga.

4. Vidare kan årsmøtet m.a.:

- Delegere myndigheit til styret og ev. oppsynsmann.
- Vedta godtgjersle for tillitsvalde.
- Vedta opptak av nye medeigarar og dei økonomiske og formelle vilkår for dette.
- Vedta endringar av vedtektene, jf. § 15.
- Vedta større omleggingar/utbetringar, ev. nyanlegg av vegen.
- Vedta tilsetjing av oppsynsmann, instruks og lønnsvilkår.
- Vedta innkjøp av utstyr.
- Vedta innbetaling av forskot.
- Vedta å forsikre seg mot erstatningsansvar.
- Vedta reglar for bruk av bomkort.
- Vedta andre saker som vedkjem vegen.

Det skal førast protokoll for årsmøtet. Protokollen skal underskrivast av leiaren og minst to personar valde på møtet.

§ 6 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret eller representantar for 1/3 av medeigarane krev det.

Frist og framgangsmåte for innkalling er den same som for vanleg årsmøte. Saklista skal stå i innkallinga. Det kan berre bli gjort vedtak i dei saker som er nemnde i innkallinga.

Det skal førast protokoll for møtet. Protokollen skal underskrivast av leiaren og minst to personar valde på møtet.

§ 7 STYRET

1. Samansetjing

Laget blir leia av eit styre på fem medlemmer, med ein vararepresentant.

Styret skal vera samansett med ein representant frå:

Strø-Kvitehaugen-Nøsen

Nøsen – Nørre Gilen

Høyeme – Nørre Gilen

Åstadstøl – Kviessyndin

Åstadstøl – Lostøl

Styret er vedtaksfør når minst tre medlemmer er til stades. Når berre tre styremedlemmer er til stades, må vedtak vera einstemmige.

Ved økonomiske avgjerder, skal kasserar vera til stades.

Styremøte skal haldast så ofte leiaren finn det nødvendig eller når minst to av styremedlemmene krev det.

Styret vel sjølv kasserar og sekretær.

Styremedlemmene blir valde for to år om gongen, men likevel slik at to medlemmer (etter loddtrekning) står på val etter 1. året.

Saker av mindre betydning, eller saker som må behandlast raskt (t.eks. tiltak i samband med teleløysing) kan avgjerast av leiaren åleine. Slike avgjersler skal refererast i fyrste styremøte.

2. Etter retningsliner frå årsmøtet skal styret:

- Arrangere årsmøte, leggje fram årsmelding, revidert rekneskap og framlegg til budsjett og arbeidsplan for inneverande år.
- Leie drifta av vegen, setja bort arbeid, føre tilsyn med arbeid m.v. i samsvar med vedtektene, vedtak på årsmøtet og godkjent budsjett og arbeidsplan.

- Setja i gang mindre arbeid som må gjerast for å hindre skade på vegen og i den samanheng gjera nødvendig innkjøp.
- Krevje innbetaling av avgifter og vedteke forskot.
- Sørge for ordna føring av rekneskapen og revisjon.
- Tilsetja vegoppsyn i samsvar med årsmøtevedtak.
- Sørge for forsvarleg vedlikehald, rydding av vegkantar, høvling og grusing, kontroll av stikkrenner/veggrøfter o.l.
- Regulere eller stoppe køyring i kortare eller lengre tid, f. eks. under teleløyising eller vanskelege vêrforhold, spesielt vinterstid.
- Nekte bruk av vegen ved manglande betaling.
- Treffe tiltak over for medeigarar som ikkje retter seg etter vedtektene og gjeldande vedtak.
- Avtale særskild bruk mot særskild avgift, jf. § 9, pkt. 4.
- Avgjera spørsmål frå andre personar, foreiningar o.l. om bruk av vegen.
- Vedta å melde laget inn i aktuelle register.
- Gjennomføre andre saker som årsmøtet pålegg styret.

3. Protokoll

Det skal førast møteprotokoll for styremøta. Protokollen skal vera tilgjengeleg for samtlege medeigarar.

§ 8 LEIAR

Leiaren i laget har ansvaret for og fullmakt til å melde laget inn i aktuelle og lovpålagde offentlege register.

§ 9 VEGAUGIFT

1. Bom-, døgn-, sesong- og årsavgift

Betalt avgift gjev rett til å bruke vegen i den utstrekning som årsmøtet bestemmer.

2. Avgift ved sal og bortfeste

Medeigarar i veglaget som festar bort/sel hyttetomter, skal betale ei særskilt avgift til veglaget. Avgifta gjev ingen rettar i vegen for tomtene. Den medeigar som sel/festar bort tomtar, skal betale inn avgifta som er ei eingongsavgift og skal skje ved fyrste gongs sal/bortfeste. Innbetaling til veglaget skal skje seinast 30 dagar etter dato for tinglysing av skøyte/festekontrakt.

3. Ekstra brøyteavgift for vinterbruk av vegstrekninga Syndinstøga - Lostøl

For brukarar av hytter som soknar til vegstrekninga Syndinstøga – Lostøl og som ynskjer å køyre strekninga vinterstid, skal det betalast ekstra årleg brøyteavgift fastsett av årsmøtet. Avgifta er pr. tomt og pr. vintersesong.

4. Særskilt avgift

Nødvendig transport som må skje i periodar då styret har avgrensa bruken av vegen - jf. § 7, pkt. 2, kan avtalast mot særleg avgift og på særlege vilkår. Likeins kan det avtalast særskilt avgift for bruk av vegen i andre samanhengar.

5. Tilleggsavgift

Ved bruk av vegen utan gyldig betaling, skal vedkomande brukar betale ei tilleggsavgift fastsett av årsmøtet.

§ 10 BRUK AV VEGEN

Transport må ikkje skje når det kan vera fare for skade på vegbane, stikkrenner eller grøfter. Det er forbode å leggje tømmer eller anna trevirke inn i vegbanen, i veggrøfter, på møte- eller snu plassar.

Kvist og anna hogstavfall må straks fjernast frå slike stader. Det må visast spesiell varsemd ved nedbaring av bekkar utanfor vegområdet.

Skade på vegbane og stikkrenner som skuldast transport, skogsdrift o.a. skal utbetrast straks. Dersom utbetring ikkje skjer, vil § 11 bli gjort gjeldande.

Under normale vêrforhold skal vegen vera brøytt og kjørbar frå kl 8 – 22 for virkesdagar og frå kl. 10 – 22 i helgene og andre heilag dagar.

Dei som har behov for brøyting ut over dette tidsrommet, må avtale dette spesielt med den som har brøytinga av vegen og betale særskilt for dette til brøyteren.

§ 11 ANSVAR FOR SKADER

Alle som brukar vegen og som ikkje held seg til vedtektene eller rettar seg etter pålegg frå styret, er sjølv ansvarlege for skader dei slik påfører vegen. Dersom skader ikkje blir tilfredsstillande utbetra, kan styret få utført utbetringa for medeigaren/brukaren si rekning.

§ 12 OVER - OG UNDERSKOT

Underskot må dekkjast av medeigarane med lik del på kvar driftseining.

Event. overskot skal gå til drift av laget.

§ 13 INVESTERINGAR, VEDLIKEHALD

Anleggskostnader, vedlikehaldskostnader inkl. vinterbrøyting og kostnader med andre vedtekte investeringar, skal veglaget prøve å finansiere med vegavgiftene.

§ 14 UTMELDING

Det er ikkje høve til å melde seg ut av laget. Medeigarar som er opptekne etter § 3 siste avsnitt, kan likevel melde seg ut. Dei har i tilfelle ikkje krav på å få att betaling for andel eller del av veglaget sin formue.

§ 15 ENDRINGAR

For å endre desse vedtektene krevst 2/3 fleirtal av dei frammøtte, rekna etter driftseining. Ved andre gongs behandling krevst likevel berre vanleg fleirtal (simpelt relativt fleirtal) blant dei frammøtte rekna etter driftseining. Vedtektsendring kan ikkje skje før 3 år etter at denne saka er rettskraftig med mindre det blir vedteke einstemmig.

II Mellombels vedtak

Retten finn det nødvendig å gjera slikt mellombels regulerande

vedtak:

Dersom saka blir anka, ser retten det nødvendig å gje reglar frå tida jordskiftesaka er slutta til ho blir rettskraftig eller rettskraftig avgjort av høgare rett.

For at vegen skal kunne vera brøytt slik jordskifteretten har bestemt, må arbeidet gjerast og finansierast. For å hindre kaos knytt til brøytinga til vinteren og for å hindre at det oppstår urettferdige forhold ved sal av tomter før og etter rettskraft, finn jordskifteretten at ordninga som no er vedteken, også må gjelde mellombels frå saka er slutta til ho er rettskraftig eller rettskraftig avgjort av høgare rette. Heimelen for eit slik mellombels vedtak er jskl. § 60.

Med denne grunngeving er retten kome til slik einstemmig

slutning:

Bruksordninga slik som vedteken, jf. slutninga pkt. 1-3, blir gjort gjeldande frå forkynningsdato og fram til jordskiftesaka er rettskraftig eller rettskraftig avgjort av høgare rett.

III YMSE AVGJERDER

1. Interimsstyret for vegen

Eksisterande styre i vegen blir oppnemnde som interimsstyre for laget.

Interimsstyret er ansvarleg for å administrere laget i samsvar med vedtektene frå dato for forkynning fram til fyrste ordinære årsmøte. Interimsstyret er ansvarleg for å kalle inn til dette årsmøtet

2. Kostnadene med saka

Kostnadene i denne saka er gebyr til staten og utgifter til meddommarane.

Retten finn at for denne saka kan gebyret bli redusert, jf. jordskiftelova § 74. Både arbeidsmengd og talet på fullmakter tilseier det. Gebyret blir skjønsmessig sett til kr 30 000,-. Fullt gebyr ville vore kr 128 140,-.

Samla jordskiftekostnader blir etter dette:

Gebyr:	kr 30 000
Utgifter til meddommarar:	kr 13 807
Sum:	kr 43 807

Redusert for innbetalt forskot, blir kostnader å betale: **kr 39 507**

Partane har vore samde om at jordskiftekostnadene blir å betale av veglaget og retten legg dette til grunn.

Frist for innbetaling er 15 – femten – dagar etter dato for lovleg forkynning.

3. Ikraftsetjing

Saka vert sett i kraft frå dato for rettskraft.

4. Tinglysing

Saka blir å tinglyse på desse eigedomane:

Gnr. 1/1, 1/4, 1/5, 1/6 og 1/19

Gnr. 2/1 og 2/2

Gnr. 3/1

Gnr. 4/1, 4/4 og 4/14

Gnr. 5/1

Gnr. 6/1, 6/2 og 6/4

Gnr. 7/1, 7/2, 7/4, 7/5, 7/6, 7/10, 7/16, 7/18 og 7/29

Gnr. 8/1, 8/2 og 8/3
Gnr. 9/3
Gnr. 14/1
Gnr. 24/1 og 24/2
Gnr. 25/1 og 25/3
Gnr. 26/1
Gnr. 27/1, 27/4 og 27/8
Gnr. 28/1 og 28/2
Gnr. 29/1 og 29/2
Gnr. 30/1
Gnr. 31/1, 31/2 og 31/3
Gnr. 32/1, 32/2 og 32/3
Gnr. 33/1, 33/2 og 33/3
Gnr. 34/1 og 34/2
Gnr. 35/1 og 35/2
Gnr. 36/1 og 36/2
Gnr. 37/1, 37/3, 37/6 og 37/7
Gnr. 39/5, 39/6, 39/8, 39/10, 39/12 og 39/28
Gnr. 40/1, 40/8, 40/17, 40/20, 40/27 og 40/28
Gnr. 41/1

Eigedomane ligg i Vestre Slidre kommune.

Gnr. 91/1, 91/4, 91/11 og 91/13
Gnr. 96/1, 96/3, 96/4, 96/5, 96/7, 96/8, 96/11, 96/20 og 96/12
Gnr. 113/1

Eigedomane ligg i Vang kommune.

5. Forkynning

Forkynning av saka skjer med mottakskvittering.

Anke

Ankefristen er 1 – ein – månad rekna frå dato for lovleg forkynning. Nærare opplysningar i samband med bruk av anke, kan ein få ved å vende seg til dommararen.

Protokollen er underteikna ved sirkulering utan at jordskifteretten har vore samla, jf. § 153 tvistemålslova. Rådslaging og røysting er gjort i samla jordskifterett den 5. juli 2007, jf. § 138 i tvistemålslova.

Saka slutta. Retten heva.

Fagernes, den 10. juli 2007

Tidemann M. Kolsrud

Olav Ranum

Ola Lyseng